
REPRESENTANTSKAPET I NOREGS BANK RAPPORT FOR 2016

Dokument 9 (2016–2017)



REPRESENTANTSKAPET I NOREGS BANK

RAPPORT FOR 2016

Dokument 9 (2016–2017)

TIL STORTINGET

Representantskapet i Noregs Bank skal føre tilsyn med drifta i sentralbanken og sjå til at reglane for verksemda blir følgde. I samsvar med føringar frå Stortinget legg representantskapet vesentleg vekt på å følge drifta av forvaltninga og etterlevinga av mandatet for forvaltninga av Statens pensjonsfond utland.

Representantskapet ser det som ein del av si rolle å medverke til god utvikling av sentralbanken.

Også i 2016 har representantskapet hatt merksemd retta mot hovudstyret si handtering av verksemda og styringa gjennom retningslinjer og organisering. I tilsynet har representantskapet vore mykje oppteke av fysisk sikkerheit og datasikkerheit både i Noreg og i verksemda i utlandet. Det er gjort vurderingar av hovudstyret si handtering av skattespørsmål i forvaltninga, kompensasjonsordningar, kostnadsstyring og heilskapleg styrings- og kontrollstruktur.

Når netto tilførsel til Statens pensjonsfond utland synest å kunne bli redusert, vil forventningar til god avkastning og sterk kostnadsstyring vere endå meir vesentleg. Representantskapet følger utviklinga i verksemda gjennom fastsetting av budsjett og hovudstyret si rapportering gjennom året. Det er reist spørsmål ved kostnadseffektivitet i heile Noregs Bank og styringa gjennom dei strategiar og mål som er lagde fram.

Representantskapet har behandla årsmeldinga for Noregs Bank og fastsett årsrekneskapen for 2016. Noregs Banks eigenkapital per 31. desember 2016 var 224,7 milliardar kroner, etter eit negativt totalresultat på 2,9 milliardar kroner. I samsvar med retningslinjer for avsettingar og disponering av resultatet i sentralbanken er 17,7 milliardar kroner sette av for overføring til statskassa. Dei førre overføringane til statskassa skjedde i 2014 og 2015.

Årsrapport om forvaltninga av Statens pensjonsfond utland for 2016 er òg behandla. Gjennom fjoråret steig fondets marknadsverdi med 35 milliardar kroner, og oppnådd avkastning var 447 milliardar kroner. I 2016 blei det for første gong i historia teke pengar ut av fondet. Uttaket var på 101 milliardar kroner.

Når det gjeld meir utfyllande framstilling om verksemda i Noregs Bank, blir det vist til dei nemnde rapportane.

I sitt møte 16. mars 2017 godkjende representantskapet rapporten om tilsynet med Noregs Bank i 2016. Rapporten blir med dette lagd fram for Stortinget.

Oslo, 5. april 2017

Reidar Sandal

Leiar i Noregs Banks representantskap

INNHALD

1. Samandrag og hovudkonklusjon	6
Samandrag av rapporten	6
Hovudkonklusjon for 2016	7
2. Korleis representantskapet organiserer tilsynet med Noregs Bank	8
Oppgåver og ansvar	8
Organisering av tilsynet	9
Særskilde aktivitetar i 2016	17
Møte og ressursbruk i 2016	19
3. Tilsynet med verksemdsovergripande styring og kontroll	22
Verksemda til Noregs Bank	22
Tilsyn og vurderingar i 2016	25
4. Tilsynet med sentralbankverksemda	33
Oppgåver og organisering	33
Tilsyn og vurderingar i 2016	33
5. Tilsynet med kapitalforvaltinga	41
Oppgåver og organisering	41
Tilsyn og vurderingar i 2016	42
6. Vurdering av overordna styring og kontroll i Noregs Bank	51
Rapporteringa frå hovudstyret om risikosituasjonen og internkontrollen	51
Samla vurdering frå representantskapet	51
7. Årsrekneskap, driftsresultat og budsjett for Noregs Bank	53
Årsrapport og rekneskap for 2016	53
Oppfølging av ressursbruken i Noregs Bank i 2016	55
Behandlinga av og vedtaket om budsjettet til Noregs Bank for 2017	57
8. Prioriteringar i det vidare tilsynsarbeidet	63
Vedlegg	
1. Representantskapet i Noregs Bank 2016–2017	65
2. Ordliste	70

KAPITTEL 1

SAMANDRAG OG HOVUDKONKLUSJON

SAMANDRAG AV RAPPORTEN

Representantskapet i Noregs Bank gjer i denne rapporten for 2016 greie for det tilsyns- og kontrollarbeidet det utfører i Noregs Bank med basis i lov om Norges Bank og pengevesenet mv. (sentralbanklova).

Noregs Bank har ei sentral samfunnsrolle og forvaltar verkemiddel som i stor grad påverkar utviklinga i norsk økonomi. Som sentralbank og forvaltar av Statens pensjonsfond utland (SPU) er institusjonen gitt stor tillit. Hovudstyret har den utøvande og rådgivande myndigheita etter sentralbanklova. Det leier verksemda og forvaltar midlane til sentralbanken.

Representantskapet fører tilsyn med at hovudstyret styrer og kontrollerer drifta på ein tilfredsstillande måte, og følgjer lover, forskrifter og mandat som regulerer verksemda til Noregs Bank. Vidare vedtek representantskapet årleg budsjett og fastsett årsrekneskapen.

I denne rapporten er det gjort greie for verksemda til Noregs Bank på eit overordna nivå. For meir utdjupande informasjon vert det vist til årsmeldinga og rekneskapen for Noregs Bank for 2016, årsrapport om forvaltninga av Statens pensjonsfond utland for 2016 og andre rapportar publiserte av Noregs Bank.

Det blei gjort greie for prioriteringar i tilsynsarbeidet i rapporten til Stortinget for 2015, Dokument 9 (2015–2016). Dei klart prioriterte oppgåvene er gjennomførte. Denne rapporten gir ei oversikt over aktivitetane, ressursbruken og tilsynsmetodikken til representantskapet i 2016. Det blir gjort greie for tilsynet med korleis hovudstyret styrer og kontrollerer verksemda både på eit overordna nivå og når det gjeld sentralbankverksemda og kapitalforvaltninga.

Protokollane frå hovudstyret dannar eit viktig grunnlag for det tilsynet representantskapet gjennomfører. Protokollane gir ei god oversikt over saksomfanget til hovudstyret og dannar utgangspunkt for å be om tilleggsinformasjon eller ytterlegare utgreiingar. Mange av dei sakene hovudstyret har behandla, er også lagde fram for representantskapet.

Representantskapet har følgd utviklinga i rammeverket for sentralbanken generelt og for forvaltninga av SPU spesielt. Gjennom året har merksemda vore retta mot hovudstyret sine tilpassingar i interne retningslinjer og styringsmodellen i Noregs Bank. Korleis hovudstyret har gjennomført strategiar og sett handlingsplanar ut i livet, og korleis ein har følgd opp internkontroll, risikoar og ressursbruk, er omfatta av tilsynet.

Hovudstyret har rapportert om styring av risiko og om internkontroll gjennom 2016. Representantskapet har merka seg at hovudstyret følgjer opp Noregs Bank gjennom rammer og retningslinjer og behandling av periodisk rapportering. Det er ikkje blitt avdekt vesentlege hendingar eller brot på retningslinjer som har ført til svekt internkontroll. Hovudstyret er blitt bede om å halde representantskapet orientert om korleis tiltak for å redusere risiko blir sette i verk.

I 2016 er det gjort tilsynsgjennomgangar av kontrollstrukturen i Noregs Bank med utgangspunkt i etablerte prinsipp for heilskapleg risikostyring. Når det gjeld kapitalforvaltninga, er det blitt lagt fram tilsynsrapportar om kompensasjonsstrukturen i forvaltninga av SPU, skattesituasjonen til Noregs Bank og korleis hovudstyret har styrt og ført kontroll med kostnadene i forvaltninga.

Oppfølginga av arbeidet med tryggleik og beredskap har høg prioritet i tilsynet, og i 2016 har det vore ein tilsynsgjennomgang av korleis Noregs Bank styrer tryggleiken ved dei internasjonale kontora. Prosessane i sentralbanken for å ta hand om ansvaret for å utferde og forsyne samfunnet med kontantar er vurderte. Prosjektet for utgiving av ein ny setelserie blir følgd nøye med omsyn til risiko og beredskap.

Representantskapet har med to merknader vedteke budsjettet for Noregs Bank for 2017, basert på budsjettforslag som hovudstyret har lagt fram. Under behandlinga blei det bede om at hovudstyret legg fram fastsette strategiar og mål, vurderingar av kostnadsnivået basert på samanlikningar med andre relevante verksemder og kost-/nytteanalyser i samband med strategiske val. Representantskapet har bede hovudstyret om å leggje fram utfyllande materiale innan 15. mai 2017.

HOVUDKONKLUSJON FOR 2016

Representantskapet har fått dei opplysningane det har bede om, medrekna utgreiing i møte.

Protokollar frå hovudstyret for 2016 er gjennomgått. Under behandlinga er det blitt reist spørsmål om enkelt-saker, og sentralbanksjefen har gitt omfattande orienteringar om fleire av problemstillingane.

Representantskapet meiner at hovudstyret i 2016 har styrt og kontrollert verksemda til Noregs Bank i samsvar med sentralbanklova, mandatet og retningslinjer for forvaltinga av Statens pensjonsfond utland, og i samsvar med forskrifta om risikostyring og internkontroll i Noregs Bank.

Det er ingen markante skilnader i synet på risiko og etterleving av lover, forskrifter og retningslinjer mellom hovudstyret og representantskapet i Noregs Bank. Representantskapet meiner likevel at ein i den vidare utviklinga av verksemda bør ta særleg omsyn til omfanget av og kompleksiteten i oppgåvene.

Representantskapet har fastsett årsrekneskapen for Noregs Bank for 2016 og vedteke budsjettet for 2017.

Det er ikkje gjennom tilsynet avdekt forhold som gir grunnlag for særskilde merknader etter sentralbanklova. Representantskapet har ikkje protokollført særskilde merknader til protokollane frå hovudstyret.

KAPITTEL 2

KORLEIS REPRESENTANTSKAPET ORGANISERER TILSYNET MED NOREGS BANK

OPPGÅVER OG ANSVAR

Ved stortingsvedtak 24. mai 2016 blei Noregs Bank teken inn i Grunnlova gjennom ein eigen paragraf 33, som lyder slik: «Noregs Bank er sentralbanken i landet.» Vidare seier Grunnlova i paragraf 75 c: «Det høyrer Stortinget til å føre oppsyn med pengevesenet i riket.»

Noregs Bank har ei sentral samfunnsrolle og forvaltar verkemiddel som i stor grad påverkar utviklinga i norsk økonomi. I tillegg til sentralbankverksemda er det å forvalte Statens pensjonsfond utland ei vesentleg oppgåve for Noregs Bank. Oppgåvene er i hovudsak regulerte gjennom lov om Norges Bank og pengevesenet mv.¹ (sentralbanklova) med forskrifter, lov om Statens pensjonsfond og mandatet for forvaltninga av Statens pensjonsfond utland.

Noregs Bank er eit eige rettssubjekt, eigd av staten.² Tilliten til sentralbanken er avhengig av at banken gjennomfører oppgåvene sine på ein god og effektiv måte. Det er òg avgjerande at styringa og kontrollen er tilfredsstillande. Stortinget og regjeringa følgjer opp verksemda, og det er etablert ein omfattande struktur for styring og kontroll.

Oppgåvene til representantskapet har utvikla seg gjennom lovendringar over tid. Etter gjeldande lov av 1985 er hovudoppgåvene til representantskapet å føre tilsyn med drifta av banken og med at reglane for verksemda til banken er følgde, i tillegg til å vedta budsjett og fastsetje årsrekneskap for Noregs Bank. Representantskapet vel revisor for den samla verksemda til Noregs Bank.

Tilsynsoppgåva følgjer av sentralbanklova § 5 fjerde ledd og omfattar heile verksemda til Noregs Bank. Tilsynet føreset brei kunnskap om verksemda til Noregs Bank, om korleis sentralbanken er organisert, og om rammeverket for styring og kontroll.

«Representantskapet skal føre tilsyn med bankens drift og at reglane for bankens virksomhet blir fulgt. Representantskapet skal herunder føre tilsyn med at hovedstyret har tilfredsstillende styring og kontroll med bankens administrasjon og

virksomhet, og med at det er etablert hensiktsmessige rutiner for å sikre at bankens virksomhet utøves i henhold til lov, avtaler, vedtak og rammeverk for øvrig. Tilsynet omfatter ikke hovedstyrets utøvelse av skjønnsmyndighet etter loven. Representantskapet har rett til innsyn i alle bankens anliggender og kan foreta de undersøkelser som det finner nødvendig for sine oppgaver etter loven. (...)»

Etter sentralbanklova § 5 andre ledd har hovudstyret

«(...) den utøvende og rådgivende myndighet etter denne lov. Det leder bankens virksomhet og forvalter dens midler. Hovedstyret skal sørge for forsvarlig organisering av, og etablere tilfredsstillende rammer, mål og prinsipper for, bankens virksomhet. Hovedstyret skal påse at bankens virksomhet, herunder regnskap og formuesforvaltning, er gjenstand for betryggende styring og kontroll. Hovedstyret skal føre tilsyn med bankens administrasjon og virksomhet for øvrig.»

Verksemda blir utøvd i samsvar med dei økonomisk-politiske retningslinjene som dei statlege styresmaktene har fastlagt, og i samsvar med dei internasjonale forpliktningane landet er bunde av.

Noregs Bank er ei sjølvstendig økonomisk eining, og budsjett og årsrekneskap kjem ikkje inn under statsbudsjettet og statsrekneskapen. Myndigheita for økonomistyringa i banken er regulert i sentralbanklova §§ 29 og 30. Hovudstyret utarbeider årsmelding og årsrekneskap og legg fram forslag til budsjett for kommande driftsår. Representantskapet vedtek budsjettet og fastset årsrekneskapen. Med utgangspunkt i myndigheita til å vedta budsjett har representantskapet fastsett budsjettreglement.

Etter sentralbanklova kan hovudstyret bestemme at verksemd som ledd i forvaltninga av SPU skal utøvast av selskap som Noregs Bank heilt eller delvis eig.³ Representantskapet kan etter forslag frå hovudstyret bestemme at produksjon av pengesetlar og myntar eller anna forretningsverksemd skal utøvast av selskap som sentralbanken heilt eller delvis eig.⁴ Hovudstyret representerer Noregs Bank som eigar i banken sine selskap.

¹ Lov av 24. mai 1985 nr. 28

² Sentralbanklova § 2 fjerde ledd

³ Jf. sentralbanklova § 5 tredje ledd

⁴ Jf. sentralbanklova § 5 sjette ledd

Representantskapet fører tilsyn med selskapa og har rett til å krevje frå den daglege leiaren i selskapet, styret og den valde revisoren dei opplysningane det treng for å gjennomføre tilsynet. Om det skulle vere nødvendig, kan representantskapet sjølv gjere undersøkingar i eit selskap. Representantskapet skal varslast før det blir halde generalforsamling i selskapa, og har rett til å vere til stades på generalforsamlingane. For å syte for tilsyn med selskap knytte til eigedomsinvesteringar i SPU har representantskapet gitt spesifikke retningslinjer. Risikostyrings- og internkontrollforskrifta for Noregs Bank gjeld òg for selskap som sentralbanken eig som del av verksemda.

Representantskapet har òg ein del andre oppgåver og myndigheitsområde etter sentralbanklova.⁵ Det overordna reglementet for utlån frå banken til tilsette er fastsett av representantskapet. Både hovudstyret og representantskapet behandlar saker som er av administrativ karakter for styringa av Noregs Bank. Det vil til dømes vere saker som får konsekvensar for tilsette og for rapporteringa om verksemda. Av og blant dei tilsette blir det valt to medlemmer som supplerer hovudstyret ved behandlinga av administrative saker. I tvilstilfelle kan representantskapet avgjere om ei sak som blir behandla av hovudstyret, er av administrativ karakter eller ikkje. Dei medlemmene dei tilsette har i hovudstyret, kan òg vere til stades og uttale seg på møte i representantskapet når administrative saker blir behandla.

Minst éin gong i året skal representantskapet leggje fram ei melding om protokollar frå hovudstyret og tilsynet med Noregs Bank for Stortinget, i samsvar med sentralbanklova § 30 fjerde ledd og § 5 femte ledd.

«Uttalelsen om tilsynet med banken skal minst inneholde:

1. en redegjørelse for hvordan tilsynet med banken har vært organisert,
2. en redegjørelse for gjennomførte tilsynsaktiviteter og representantskapets prioriteringer i det videre tilsynsarbeidet,
3. en redegjørelse for tilsynet med bankens kapitalforvaltning,
4. representantskapets vurdering av hovedstyrets styring og kontroll med bankens administrasjon og virksomhet, jf. § 5 tredje ledd annet punktum,
5. en redegjørelse for representantskapets arbeid med vedtakelse av bankens budsjett og fastsettelse av regnskap, jf. § 5 fjerde ledd annet punktum,
6. eventuelle særlige merknader som tilsynet måtte gi grunnlag for.»



Denne rapporten gjer greie for korleis representantskapet har gjennomført oppgåvene i 2016. I rapporten blir det gitt ei overordna framstilling av rammer for styring og kontroll, den styringsmodellen hovudstyret følgjer, og måten verksemda er organisert på. Dette er faktorar som er lagde til grunn for vurderingane.

ORGANISERING AV TILSYNET

ETABLERT RAMMEVERK FOR ARBEIDET TIL REPRESENTANTSKAPET

Med utgangspunkt i dei oppgåvene som går fram av sentralbanklova, har representantskapet fastsett ein forretningsorden for eiga verksemd og eit mandat for det saksførebuande utvalet til representantskapet, Den faste komiteen. Vidare inneheld rammeverket ein instruks for sekretariatet til representantskapet (tilsynssekretariatet) og ein stillingsinstruks for direktøren for tilsynssekretariatet. Direktøren er den faglege og administrative leiaren for tilsynssekretariatet.

5 I det alt vesentlege regulert i sentralbanklova § 5

FIGUR 1 REPRESENTANTSKAPET SITT RAMMEVERK FOR TILSYNSARBEIDET**FIGUR 2** DEN SAMLA ORGANISASJONEN TIL REPRESENTANTSKAPET

Forretningsorden og mandat for Den faste komiteen blei gjennomgått og justert i 2016. Oppdateringane er tilpassa endringane i sentralbanklova gjeldande frå 1. januar 2016,⁶ som gjaldt talet på varamedlemmer til representantskapet og representantskapet si rolle ved etablering av dotter-selskap, som tidlegare var regulert i § 8 a. Forretnings-ordenen til representantskapet er publisert på heimesida til representantskapet.

Dokumenta knytte til styringsstrukturen, saman med vurderingar om aktuelle problemstillingar og overordna risikovurderingar, gir føringar for korleis tilsynsarbeidet skal planleggjast og gjennomførast. For periodar på tre år blir det lagt ein strategi for representantskapet med mål og handlingsplanar som òg omfattar tilsynssekretariatet. Representantskapet fastset årleg ein møteplan og god-kjenner ein plan for tilsynsarbeidet. Vidare blir represen-tantskapet orientert om revisjonsplanen til den eksterne revisoren. Det blir vedteke budsjett for den samla verk-semda.

Ei oversikt over rammeverket til representantskapet er vist på figur 1.

ORGANISERINGA OG ARBEIDSPROSESSEN I REPRESENTANTSKAPET

Den samla organisasjonen til representantskapet er vist på figur 2.

Representantskapet har 15 medlemmer og to varamedlemmer som er valde av Stortinget for fire år.⁷ Dei to varamedlemmene er til stades og har talerett i alle møte i representantskapet. Blant medlemmene oppnemner Stortinget leiar og nestleiar for to år. I perioden 2016–2017 er Reidar Sandal oppnemnd som leiar og Tormod Andreassen som nestleiar. Fem av dei 15 faste medlemmene, 33 prosent, er kvinner.

Medlemmene har bakgrunn frå politisk arbeid, god fagleg kompetanse og brei erfaring frå sentrale delar av norsk samfunnsliv, offentleg forvaltning og næringslivet. I vedlegg 1 til denne rapporten er det gitt ei fullstendig oversikt over

medlemmene og varamedlemmene i representantskapet for perioden 2016–2017.

Det er stor merksemd både i Noreg og internasjonalt om verksemda til Noregs Bank. Utgangspunktet for tilsynsarbeidet er rammevilkår gitt i lover, forskrifter og mandat for Noregs Bank. Representantskapet gjer prioriteringar der ein tek omsyn til føringar gitt av Stortinget, samfunnsmessige vurderingar og erfaringar frå tilsynet.

Tilsynsarbeidet er risikobasert, og representantskapet må ha god oversikt over alle områda i verksemda til Noregs Bank som kan innebere risiko. Behovet for styring og kontroll er størst på område der risikoen er stor. Tilsynet blir tilpassa dei oppgåvene som til kvar tid er lagde til Noregs Bank, og ved fastsetjinga av årlege tilsynsplanar blir det lagt til grunn vurderingar om risiko og kor vesentlege oppgåvene er.

Representantskapet behandlar saker frå hovudstyret og tilsynssekretariatet, medrekna periodiske rapportar og rapportar frå tilsynsgjennomgangar av særskilde tema fastsette i den årlege tilsynsplanen. Tilsynet rettar seg både mot sentralbankoppgåvene og forvaltninga av SPU. Om gjeldande lover, forskrifter og mandat blir etterlevde,⁸ korleis hovudstyret styrer og kontrollerer operasjonelle risikoar, ressursbruken og omdømmet til Noregs Bank har høg merksemd.

Representantskapet følgjer særskilt opp periodiske rapportar om verksemdsstyring, operasjonell risiko og internkontroll i sentralbankverksemda og i forvaltninga av SPU. Korleis Noregs Bank styrer og kontrollerer andre risikoar i forvaltninga, vil òg påverke grunnlaget for tilsynet.


Vurderingar av trusselbiletet og gjennomføringa av tryggingssarbeidet er ein del av tilsynsarbeidet. Det er svært viktig at område som gjeld fysisk tryggleik og datatryggleik blir handterte slik at det ikkje oppstår fare for liv og helse, verdiar blir forringa eller sensitiv informasjon kjem på avvegar. Representantskapet har, til liks med hovudstyret, nulltoleranse når det gjeld misleghald og uetisk åtferd. Det blir lagt vekt på openheit i rapporteringa.

⁶ Jf. Prop. 90 L (2014–2015). Endringar i §§ 5, 6, 7 og 9. § 8 a blei oppheva.

⁷ Jf. sentralbanklova §§ 7 og 9

⁸ Begrepet «etterleving» er nytta vidare i rapporten, engelsk «compliance». Jf. sentralbanklova § 5 fjerde ledd.

FIGUR 3 ARBEIDSPROESSEN TIL REPRESENTANTSKAPET



Figur 3 viser korleis representantskapet behandlar saker og utfyllande rapportar, og dei ulike elementa i arbeidsprosessane i samband med tilsyn og revisjon.

Representantskapet har rett til innsyn i alle sider ved verksemda til Noregs Bank. Sentralbanksjefen og vise-sentralbanksjefane skal vere til stades på møta, med mindre representantskapet bestemmer noko anna eller dei har gyldig forfall.⁹ Representantskapet kan be om å få saker utdjupa, og sentralbanksjefen gir tilleggsinformasjon og svarer på spørsmål under saksbehandlinga.

At sentralbanksjefen orienterer om aktuelle saker på møta, gjer at representantskapet får supplerande informasjon om verksemda i Noregs Bank. Det er også ein etablert praksis at representantskapet får ei årleg utgreiing frå revisjonsutvalet i hovudstyret om saker som er til behandling, og planar for kommande arbeid. Denne utgreiinga er det leiaren i utvalet som gir. I utgangspunktet er det opp til representantskapet å vurdere behovet for informasjon og kva relevans informasjonen har for tilsynsoppgåvene.

Det tilsynet representantskapet gjennomfører, omfattar ikkje korleis hovudstyret utøver skjønnsmyndigheit etter sentralbanklova.¹⁰ Det inneber at representantskapet ikkje behandlar eller uttaler seg om vedtak i hovudstyret om rentefastsetjingar, høyringsfråsegner eller råd som blir gitt til politiske styresmakter. Det gjeld òg dei rådgivingsoppgåvene Noregs Bank har når det gjeld forvaltninga av SPU, og oppgåver som gjeld makrotilsyn og overvaking av systemrisiko, der formålet er å medverke til å gjere det finansielle systemet mindre sårbart. Tilsynet med drifta vil likevel kunne omfatte dei prosessane i Noregs Bank som dannar eit grunnlag for korleis hovudstyret utøver skjønn. Representantskapet får orienteringar om det arbeidet Noregs Bank gjer på desse områda.

Drøfting av framlagde saker og aktuelle problemstillingar fremja av medlemmer av representantskapet kan gi grunn til å skaffe fram ytterlegare informasjon eller utgreiingar frå tilsynssekretariatet eller hovudstyret.

Protokollane frå møta i representantskapet skal i utgangspunktet gi god nok informasjon om saksbehandlinga og for oppfølging av vedtaka. Jamleg tilsyn og oppfølging av tilsynsgjennomgangar vil vanlegvis innebere behov for skriftlege avklaringar mellom representantskapet og hovudstyret. Det er såleis tenleg at framstillinga i protokollane frå representantskapet blir supplerte med brev til og frå hovudstyret.

DEN FASTE KOMITEEN

Den faste komiteen er eit arbeidsutval for representantskapet som er oppretta i samsvar med sentralbanklova.¹¹ Komiteen er sett saman av leiaren og nestleiaren i representantskapet og tre andre medlemmer valde for to år av og blant medlemmene. For perioden 2016–2017 har komiteen desse medlemmene: Reidar Sandal, Tormod Andreassen, Toril Hovdenak, Frank Sve og Synnøve Søndergaard. Dei tre sistnemnde og fem personlege varamedlemmer blei valde i konstituerande møte 14. januar 2016.


Den faste komiteen førebur saker som skal behandlast av representantskapet. I eigenskap av utval for representantskapet har komiteen rett til innsyn i alt sentralbanken driv med. Som saksførebuande organ tek ikkje Den faste komiteen eigne avgjerder. Protokollar frå møta blir lagde fram for representantskapet.

Sentralbanksjefen kan bli beden om å vere til stades på møte i Den faste komiteen. Sentralbanksjefen eller hovudstyret kan ta opp saker med komiteen med sikte på behandling i representantskapet og leggje fram sine vurderingar før komiteen fremjar innstilling til vedtak i ei sak. Når saklege grunnar tilseier det, kan komiteen melde frå til sentralbanksjefen om kva innstilling som kjem til å bli lagd fram.

⁹ Sentralbanklova § 7 sjetle ledd

¹⁰ Jf. § 5 fjerde ledd. Ei utgreiing til representantskapet i 2013 klargjorde tilsynsansvaret når det gjeld skjønn utøvd av hovudstyret.

¹¹ Sentralbanklova § 7 fjerde ledd: «Representantskapet kan blant sine medlemmer oppnevne utval til å forberede saker for representantskapsbehandling.»

FIGUR 4 TILSYNSSEKRETARIATET – ORGANISASJON OG OPPGÅVER

KORLEIS TILSYNSSEKRETARIATET ER ORGANISERT OG ARBEIDER

I samsvar med sentralbanklova¹² har representantskapet etablert eit sekretariat som legg til rette for arbeidet i representantskapet. Tilsynssekretariatet er organisert nær verksemda i Noregs Bank, men rapporterer direkte til representantskapet uavhengig av hovudstyret og administrasjonen i sentralbanken. Rammene for det faglege arbeidet og administrative forhold følgjer av instruks, tilsynsplanar og retningslinjer som blir gitt av representantskapet.¹³

Figur 4 skisserer korleis tilsynssekretariatet er organisert, og kva oppgåver det har.

Den tidlegare direktøren gjekk av med pensjon ved utgangen av 2016. Ny direktør er tilsett av representantskapet og overtok stillinga 1. februar 2017, sjå omtale av tilsetjingsprosessen seinare i rapporten. Representantskapet fastset godtgjersle og andre vilkår for stillinga som direktør.

Tilsynssekretariatet skal ha ei tenleg organisering og ha tilfredsstillande og relevant fagleg kompetanse. Årleg ressursbruk blir godkjend av representantskapet. Fagkompetansen skal haldast ved like og stadig vidareutviklast. I 2016 har sekretariatet hatt sju tilsette i tillegg til direktøren. Sekretariatet har brei bakgrunn på fagområde som revisjon, finans, jus, verksemdsstyring, risikostyring og internkontroll. I tillegg til relevant fagkompetanse blir det lagt avgjerande vekt på integritet, fagleg dugleik, lojalitet, objektivitet og tilbørleg aktsemd i gjennomføring av arbeidet. Ved gjennomføring av tilsynsoppgåver blir behovet for å nytte supplerande fagleg kompetanse alltid vurdert, særleg i samband med problemstillingar som gjeld kapitalforvaltning og ymse juridiske spørsmål. Det er etablert effektiv tilgang til gode ressursar gjennom rammeavtarar.

Hovudformålet for tilsynssekretariatet er å gi eit solid grunnlag for det tilsynet representantskapet fører med drifta i Noregs Bank og korleis banken etterlever lover og forskrifter. Arbeidet skal utførast metodisk og med relevante faglege standardar som bakgrunn. Det er ikkje

etablert nokon dokumentert standard for tilsyn med sentralbankar, men tilsynssekretariatet følgjer utviklinga hos sentralbankar, relevante samanliknbare verksemdar og relevante standardsetjarar som BIS¹⁴, OECD¹⁵ og Den europeiske sentralbanken. Vidare er internasjonale standardar for internrevisjon¹⁶ og ekstern revisjon¹⁷ relevante rammer for den metodiske tilnærminga i tilsynsgjennomgangar. Den metodikken Finanstillsynet nyttar retta inn mot bankar og finansnæringa, og den metodikken Riksrevisjonen nyttar ved forvaltingsrevisjon, er metodar som liknar på dei tilsynssekretariatet nyttar.

I det jamlege tilsynet med verksemda følgjer ein aktivitetar og rapportering i Noregs Bank. Tilsynssekretariatet står for representantskapet sin relasjon til og kontakt med hovudstyret og leiinga i sentralbanken. Det blir regelmessig halde møte med leiinga i banken, verksemdsområda, etterlevings- og risikostyringsfunksjonar, internrevisjonen og den eksterne revisoren.

Direktøren er til stades når hovudstyret og revisjonsutvalet behandlar saker som er relevante for tilsynsarbeidet. I samband med møte i representantskapet går tilsynssekretariatet igjennom saker som blir lagde fram av hovudstyret, og koordinerer sakene med sekretariatet for hovudstyret. Til somme saker blir det utarbeidd tilleggsinformasjon og faglege vurderingar for behandling i representantskapet. Tilsynssekretariatet får gjennom arbeidet omfattande innsyn i og kunnskap om verksemda i Noregs Bank. Det er nødvendig for at representantskapet heile tida skal kunne haldast orientert om forhold som er vesentlege for tilsynet.

For utvalde tema blir det utført tilsynsgjennomgangar eller laga utgreiingar med eigne rapportar til representantskapet. Faglege ressursar og informasjon frå den eksterne revisoren og rådgivarar blir nytta etter behov. I tilsynsgjennomgangane blir det utarbeidd vurderingskriterium

¹² Jf. § 5 fjerde ledd, siste punktum: «Representantskapet skal ha et sekretariat.»

¹³ Omtalt i Ot.prp. nr. 58 (2008-2009)

¹⁴ BIS, Bank of International Settlements, medrekna Basel Committee on Banking Supervision, Core Principles for Effective Banking Supervision (Core Principles) frå 2012

¹⁵ OECD, The Organisation for Economic Co-operation and Development

¹⁶ The Institute of Internal Auditors (IIA) sine etiske reglar og standardar for profesjonell utøving av internrevisjon

¹⁷ Dei mest relevante standardane er ISAE 3000-serien, International Standard on Assurance Engagement.

som tek utgangspunkt i eit overordna mål- og risikobilete og krav til Noregs Bank gitt i formelt rammeverk. Ved vurderingar av etablerte kontrollstrukturar og prosessar blir mellom anna modellen i risikostyringsrammeverket COSO ERM lagd til grunn. Det blir gjort samanlikningar med relevante etablerte standardar og med praksis i relevant og samanliknbar verksemd. Informasjon om etablering av interne rammeverk for styring og korleis arbeidet er organisert og gjennomført, blir skaffa fram gjennom møte og ved å gå igjennom dokument.

I tilsynsarbeidet gjennomgår ein rapportar frå intern-revisjonen og periodisk rapportering frå etterlevingsfunksjonar og verksemdsområda til hovudstyret.

Resultat frå tilsynsarbeidet og tilsynsgjennomgangane i 2016 er omtalt seinare i rapporten. Tilsynssekretariatet førebur representantskapet sine strategiar og planar for arbeidet. Det arbeider òg med å førebu saksdokument og utkast til protokollar, høyringsbrev og årleg rapport til Stortinget. Sekretariatet legg til rette for møta til representantskapet, for presentasjonar og for faglege aktivitetar. Direktøren for tilsynssekretariatet deltek i møta til representantskapet og Den faste komiteen og har høve til å ta med fagpersonar.

Representantskapet har inngått ein engasjementsavtale med den eksterne revisoren for Noregs Bank. Avtalen blir forvalta av tilsynssekretariatet. Tilsynssekretariatet har engasjementsavtalar med eksterne rådgivarar og fagmiljø på områda jus og kapitalforvaltning.

Det blir halde regelmessige kontaktmøte mellom tilsynssekretariatet og Finansdepartementet for å utveksle informasjon som er av interesse for tilsynet med forvaltninga av SPU. På møta blir det mellom anna orientert om den rapporten representantskapet sender til Stortinget, årlege tilsynsplanar og gjennomførte tilsynsaktivitetar.

Tilsynssekretariatet koordinerer samarbeidet mellom Noregs Bank, den eksterne revisoren og Riksrevisjonen, særleg knytt til forvaltninga av SPU, staten sine kontoar i Noregs Bank og forvaltninga av statsgjelda. Formålet med samarbeidsmodellen er mellom anna at Riksrevisjonen på ein tenleg måte skal kunne få informasjon om og byggje

på revisjons- og tilsynsarbeid utført av den eksterne revisoren og representantskapet.

EKSTERN REVISOR

Representantskapet har valt Deloitte AS som ekstern revisor for Noregs Bank.¹⁸ Oppdraget omfattar revisjon av årsrekneskapane for Noregs Bank, pensjonskassa til Noregs Bank og anna tilknytt verksemd.¹⁹ Deloitte AS reviderer òg rekneskapsrapporteringa for investeringsporteføljen til SPU som er ein del av årsrekneskapen til Noregs Bank. Det blir utført forenkla revisorkontroll av rekneskapane for SPU for dei tre første kvartala i året. For dotterselskap²⁰ som blir oppretta i samband med investeringar i eigedom i utlandet, har representantskapet fastsett retningslinjer for å sikre at den eksterne revisoren til Noregs Bank som hovudregel blir vald som revisor i selskapa.

Revisormeldingar til årsrekneskapen til Noregs Bank og rekneskapsrapporteringa for investeringsporteføljen til Statens pensjonsfond utland, i tillegg til forenkla revisormelding til kvartalsrapporteringa for SPU, blir gitt til representantskapet. Etter avslutta revisjon blir ein årleg revisjonsrapport send til representantskapet.

Deloitte AS legg fram ein årleg plan for den finansielle revisjonen av Noregs Bank. Tilsynssekretariatet og representantskapet blir haldne orienterte gjennom året om vesentlege forhold som har verknader for omfanget av revisjonen og korleis revisjonen blir utført. Representantskapet har godkjent at den eksterne revisoren etter avklaring med tilsynssekretariatet kan ta på seg visse rådgivingsoppgåver for Noregs Bank. Moglege oppgåver blir vurderte strengt for å unngå interessekonflikhtar, og omfanget har vore avgrensa.

Engasjementsavtalen med Deloitte AS omfattar høvet til å utføre eventuelle relevante attestasjonsoppdrag og revisjons- eller rådgivingsoppgåver for representantskapet eller tilsynssekretariatet. Ved attestasjonsoppdrag som er ein del av det tilsynet representantskapet utfører, blir det inngått

¹⁸ Engasjementsavtalen varer i seks år og omfattar rekneskapsåra 2016–2021.

¹⁹ Noregs Bank sitt fond til økonomisk forskning, Pensjoniststiftelsen ved hovudkontoret til Noregs Bank og Direktør N. Ryggs fond

²⁰ Selskap etablerte etter sentralbanklova § 5 tredje ledd og andre dotterselskap med revisjonsplikt

særskilde engasjementsavtaler. Attestasjonsoppdrag følger internasjonale standardar,²¹ og det blir utarbeidd ein rapport eller ei fråsegn som blir offentleggjort.

Det er avtalt faste årlege attestasjonsfråsegner om dei oppgåvene Noregs Bank har når det gjeld forvaltinga av staten sin konsernkonto og forvaltinga av statsgjelda. Desse fråsegnene blir sende til Finansdepartementet.

Deloitte AS gir revisjonsmelding til årsrekneskapen for Noregs Banks pensjonskasse som hovudstyret sender over til representantskapet til orientering. Deloitte AS gir òg ei årleg uavhengig stadfesting²² om risiko og internkontroll til styret for pensjonskassa.

Arbeidet til den eksterne revisoren er viktig for dei tilsynsoppgåvene representantskapet har, og det er heile tida fagleg kontakt mellom tilsynssekretariatet og Deloitte AS. Ansvarleg partner hos Deloitte AS er til stades på møte i representantskapet når relevante saker blir behandla.

TILKNYTTE EKSTERNE FAGRESSURSAR

Før det blir inngått rammeavtalar med miljø med norsk og internasjonal ekstern spisskompetanse, har det vore gjennomført opne anbudsprosessar.

Engasjementsavtalen med Deloitte AS gir òg tilgang til omfattande global kompetanse, særleg når det gjeld tema som verksemdsstyring, økonomistyring, skattespørsmål, datatryggleik, risikostyring og internkontroll. Advokatfirmaet Thommessen AS²³ står til teneste med juridisk kompetanse. Oliver Wyman AB²⁴ er internasjonal rådgivar i kapitalforvalting. Andre fagmiljø blir kontakta etter behov.

SÆRSKILDE AKTIVITETAR I 2016

FAGLEGE AKTIVITETAR

For å halde seg orientert om relevante og viktige fagområde gjennomfører representantskapet faglege seminar, studiereiser og møte med relevante verksemder og institusjonar. Det blei halde fagseminar i tilknytning til tre av møta i 2016.

På det konstituerande møtet blei det gitt orienteringar om styringsstrukturen og oppgåvene til Noregs Bank, om kva rolle representantskapet spelar, og om arbeidsforma til representantskapet. I tillegg var det innlegg om sentrale problemstillingar når det gjeld kapitalforvalting, både generelt og i SPU, med etterfølgjande drøftingar.

På eit fagseminar orienterte ein av visesentralbanksjefane og direktøren for Norges Bank Investment Management (NBIM) om arbeidet til hovudstyret og Noregs Bank som tek sikte på ansvarleg forvalting, og om korleis ein skal kunne følgje mandat og retningslinjer på dette området. Nestleieren i Etikkrådet for Statens pensjonsfond utland²⁵ orienterte om mandatet til rådet, problemstillingar i arbeidet og samarbeidet med Noregs Bank. Endringane i mandatet i 2015 og den etterfølgjande nye organiseringa av arbeidet med kriterium for observasjon og utestenging av selskap blei diskutert.

Det ansvaret og dei oppgåvene styret i større verksemder har, kva godt styrearbeid inneber, og forholdet mellom styret og den administrative leiinga var tema for eit tredje seminar. Eigarstyring, organisering av arbeidet i styret, god leiing av selskapet og selskapet sine relasjonar til alle relevante interessentar, medrekna det forholdet styret har til dotterselskap og deleigde selskap, var mellom dei temaa som blei drøfta.

Under ei studiereise til Tokyo blei det halde møte med den japanske sentralbanken, der mellom anna styringsmodellen og hovudprioriteringane til sentralbanken i ein økonomi med vedvarande låg vekst blei diskutert. Det blei òg halde møte med børsen i Tokyo (Tokyo Stock Exchange) og det japanske finanstilsynet (FSA), der nye retningslinjer for styrearbeid i Japan, med vekt på

²¹ Internasjonale standardar for attestasjonsoppdrag – ISAE 3000. Gjeld attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon.

²² Blir gitt etter forskrift om risikostyring og internkontroll, fastsett av Finansdepartementet 22. september 2008.

²³ Avtalen med Thommessen AS er fornya i 2016 og varer i fire år.

²⁴ Avtalen med Oliver Wyman AB gjeld for perioden 2015–2018.

²⁵ Oppnemmt av Finansdepartementet

risikostyring, blei presenterte. Government Pension Investment Fund (GPIF) of Japan er kjent som det største offentlege pensjonsfondet i verda, og her blei det orientert om investeringane til fondet og korleis fondet blir styrt. Fondet er ein uavhengig administrativ institusjon organisert under Helse-, arbeids- og velferdsdepartementet i Japan.

Japan er ein sentral global aktør, den tredje største økonomien i verda og ein viktig handelspartner for Noreg. Investeringsverksemda til Noregs Bank i Japan innanfor eigedomsforvaltinga i SPU var på agendaen. Ved kontoret for det nyleg etablerte eigedomsselskapet til Noregs Bank blei det orientert om aktiviteten i selskapet og om særtrekk ved og utviklinga på den japanske finansmarknaden og eigedomsmarknaden.

Leiaren i representantskapet og direktøren for tilsynssekretariatet har gjennomført møte med Riksrevisjonen og Stortinget sitt kontrollutval for etterretnings-, overvakings- og tryggingsteneste (EOS-utvalet). Begge desse organa er etablerte av Stortinget. Formålet med møta var mellom anna å lære meir om dei meir omfattande tilsynsoppgåvene andre verksemdar har. Slik kontakt medverkar til fagleg vidareutvikling av eit målretta og effektivt tilsyn.

Representantskapet er vertskap for årstalen til sentralbank-sjefen. Talen har vore eit årleg arrangement sidan 1922, med unntak av åra 1941–1945. Tittelen på talen har sidan 1986 vore «Økonomiske perspektiv». Talen blir halden for medlemmer av representantskapet og inviterte gjester frå mellom anna regjeringa, Stortinget, norsk samfunnsliv, akademia og næringslivet.

Representantskapet deltok ved den offisielle markeringa av 200-årsjubileumet til Noregs Bank i Trondheim 14. juni 2016.

KONTAKT MED SENTRALBANKLOVUTVALET

Finansdepartementet har sett ned og gitt mandat til eit utval²⁶ som skal vurdere sentralbanklova, styringsstrukturen i Noregs Bank og forholdet mellom Noregs Bank og dei statlege styresmaktene. Utreiinga skal ta omsyn til det

spesielle ansvaret Noregs Bank har for å forvalte SPU etter lov om Statens pensjonsfond. Utvalet skal vidare leggje retningslinjene for pengepolitikken til grunn for vurderingane sine. I 2016 blei mandatet utvida til også å omfatte ei vurdering av alternative styrings- og selskapsmodellar for SPU.²⁷

Representantskapet har merka seg at arbeidet i utvalet kan føre til endringar i rammevilkåra for Noregs Bank. Mandatet til utvalet blir oppfatta å vere relativt vidt når det gjeld å vurdere styringsstrukturen.

I representantskapet er det brei semje om å medverke aktivt med bakgrunn i erfaringar og kunnskap ein har tileigna seg gjennom tilsynet med Noregs Bank. I brev til utvalet har representantskapet i 2016 komme med nokre innspel med utgangspunkt i ansvar og oppgåver etter gjeldande lov. Mellom anna føreslår representantskapet at den rolla det har som uavhengig kontroll- og tilsynsorgan i Noregs Bank på vegner av Stortinget, blir regulert tydelegare og samla i lovgivinga. Det blir òg peikt på at ei direkte oversending av budsjettet og rekneskapen for sentralbanken til Stortinget i etterkant av behandlinga i representantskapet vil kunne medverke til å styrkje forholdet mellom Noregs Bank og Stortinget gjennom representantskapet. I dag blir budsjett og rekneskap sende via Finansdepartementet.

Under den noverande ordninga har ikkje representantskapet noko direkte høve til å komme med formelle sanksjonar, og har heller ikkje instruksjonsmyndigheit knytt til tilsynsverksemda. Saker blir handterte i ein dialog mellom representantskapet og hovudstyret. Representantskapet kan ta inn merknader frå tilsynet i protokollane sine og etter lova rapportere særskilde merknader i den årlege rapporten til Stortinget. Det blir føreslått for utvalet å vurdere om det kan vere tenleg å presisere at representantskapet får høve til å fastsetje nærmare retningslinjer på myndighetsområda sine, slik at tilsynet kan sikrast større effekt.

²⁶ Mandat gitt av Finansdepartementet 10. april 2015. Utvalet blir leidd av Svein Gjedrem. Utvalet skal levere rapport til departementet innan 30. juni 2017.

²⁷ Innst. 326 S (2015-2016)

ENDRING I SENTRALBANKLOVA I 2016,**HØYRINGSFRÅSEGN**

Finansdepartementet la fram brev og høyringsnotat med forslag om unntak frå teieplikta i sentralbanklova § 12 andre ledd i samband med oversending av opplysningar til skattestyresmaktene. Representantskapet vurderte endringsforslaget som uproblematisk og hadde ingen merknader i svarbrevet til departementet. Hovudstyret i Noregs Bank hadde heller ingen innvendingar til endringa i sitt svarbrev. Lovendringa tredde i kraft frå 1. januar 2017 i samsvar med innstillinga frå departementet.

EVALUERING AV ARBEIDET

Medlemmene i representantskapet gjennomfører ei årleg eigenevaluering. Målet med evalueringa er å identifisere område som kan vidareutviklast og styrkje tilsynsarbeidet og andre oppgåver som høyrer inn under representantskapet. Undersøkinga, som ein svarer anonymt på, og der ein kryssar av for grad av senje, omfattar arbeidsforma til representantskapet og samspelet med tilsynssekretariatet, den eksterne revisoren og rådgivarar. Det er òg gitt høve til å komme med kommentarar til område som representantskapet bør leggje særleg vekt på i arbeidet framover. Resultata frå undersøkinga blir drøfta i møte og eventuelle foreslåtte tiltak blir følgde opp av tilsynssekretariatet.

OPENHEIT OG RAPPORTERING OM ARBEIDET

Representantskapet erfarer at det er auka offentleg interesse for verksemda i Noregs Bank og korleis tilsynet blir gjennomført. Openheit om arbeidet blir praktisert innandørs dei rammene og avgrensingane som mellom anna følgjer av sentralbanklova og anna relevant rammeverk for verksemda til Noregs Bank. Medlemmene er underlagde føresegnene i sentralbanklova § 12 om teieplikt. Unntak frå teieplikta om opplysningar om Noregs Bank sine forretningsmessige forhold er det leiaren i representantskapet som kan gi i saker som ligg til representantskapet og ikkje har noko med hovudstyret sine verksemds- og ansvarsområde å gjere. Unntak frå teieplikta om andre forhold må avgjerast i samråd med sentralbanksjefen. I samsvar med forretningsordenen til representantskapet er det leiaren eller den leiaren peiker ut, som uttaler seg offentleg på vegner av representantskapet.

Allmenta har innsyn i verksemda til representantskapet gjennom den årlege rapporten til Stortinget. Denne rapporten er utforma med sikte på å gi eit heilskapleg bilete av oppgåvene til representantskapet, korleis representantskapet vurderer kontrollstrukturen i Noregs Bank, og kva tilsynsarbeid som er gjennomført. Protokollar frå representantskapet blir offentleggjorde på heimesidene.²⁸ Riksrevisjonen skal jamleg få tilsendt protokollane.²⁹ Saksdokument frå saksbehandlinga på møta er unnatekne frå offentleggjering etter offentleglova § 14 om organinterne dokument med mindre anna går fram av dokumentet.

MØTE OG RESSURSBRUK I 2016**MØTE OG SAKSOMFANG**

Representantskapet har hatt ti møte i 2016. Det var sju ordinære møte og eit konstituerande møte etter den fastsette møteplanen. I tillegg blei det halde eit møte i samband med tilsetjing av ny direktør for tilsynssekretariatet og eit ekstra møte for å behandle og vedta budsjettet for Noregs Bank for 2017. Den faste komiteen har hatt sju ordinære møte, eitt telefonmøte og eit ekstra møte i samband med budsjettbehandlinga for 2017. Leiaren kallar inn til møta etter ein fastsett møteplan. Det kan òg kallast inn til møte ved særskilt behov eller når minst fem medlemmer eller hovudstyret krev det.³⁰


I 2016 blei det tilsett ny direktør for tilsynssekretariatet. Leiaren, nestleiaren og éin av medlemmene i Den faste komiteen var oppnemnde som tilsetjingsutval og gjennomførte tilsetjingsprosessen. Det blei nytta eit eksternt rekrutteringsbyrå. Det var i alt 17 søkjarar til stillinga, og søkjarlista er offentleggjord. Tilsetjinga blei vedteken samrøystes i representantskapet etter innstilling frå utvalet.

Representantskapet har behandla til saman 109 saker i 2016, inkludert protokollar frå eigne møte og møta i Den faste komiteen. 19 saker med ulike fagrapportar og annan supplerande informasjon om verksemda til Noregs Bank er

²⁸ Sjå www.norges-bank.no/representantskapet/

²⁹ Jf. Stortinget sin instruks av 11. mars 2004 om verksemda til Riksrevisjonen § 12

³⁰ Sentralbanklova § 7 femte ledd

FIGUR 5 SAKSOMFANGET TIL REPRESENTANTSKAPET I 2016**TABELL 1** RESSURSBRUKEN TIL REPRESENTANTSKAPET

BELØP I HEILE TUSEN KRONER	BUDSJETT 2017	2016	2015
Representantskapet	4 010	4 506	2 602
Tilsynssekretariatet	13 090	12 494	11 522
Eksterne fagressursar	8 000	6 623	10 955
Finansiell revisjon	15 500	16 194	18 261
Totalt	40 600	39 817	43 340

TABELL 2 SATSAR PER MEDLEM OG UTBETALT FAST GODTGJERSLE I 2016

FASTE HONORAR	REPRESENTANTSKAPET	DEN FASTE KOMITEEN	SUM PER MEDLEM	SUM FAST HONORAR
Leiar	60 000	90 000	150 000	150 000
Nestleiar	40 000	60 000	100 000	100 000
3 medlemmer i Den faste komiteen	30 000	60 000	90 000	270 000
10 medlemmer i representantskapet	30 000		30 000	300 000
2 varamedlemmer	30 000		30 000	60 000
Samla utbetalt fast godtgjersle				880 000

øg blitt drøfta. Det blir ikkje gjort vedtak i slike orienteringssaker.

Figur 5 viser saksomfanget fordelt på ulike typar av saker.

67 prosent av sakene gjaldt tilsynet med verksemda til Noregs Bank. Av desse var 36 prosent saker av overordna karakter eller saker som var felles for verksemdsområda. Saker som spesifikt gjaldt kapitalforvaltinga, utgjorde 21 prosent, og saker som gjaldt sentralbankverksemda, utgjorde 10 prosent. Samla sett utgjør problemstillingar som dreier seg om kapitalforvaltinga ein nokså stor del av representantskapet si merksemd i tilsynsarbeidet. Representantskapet sine eigne saker omfattar mellom anna behandling av 19 protokollar frå møta i representantskapet og Den faste komiteen.

RESSURSBRUKEN TIL REPRESENTANTSKAPET I 2016

Representantskapet vedtek årleg budsjett for si eiga verksemd. Budsjettet omfattar òg tilsynssekretariatet, ekstern revisor og bruk av eksterne rådgivarar. Budsjettet og rapportering om eigen ressursbruk blir behandla som separate saker i representantskapet. Kostnadene kjem inn under det samla budsjettet og årsrekneskapen for Noregs Bank. Dei totale kostnadene for verksemda til representantskapet i 2016 var 39,8 millionar kroner. Ressursbruken og kostnadene i 2017 er estimert til 40,6 millionar kroner i det vedteke budsjettet.

Tabell 1 viser ressursbruken til representantskapet og ei fordeling av kostnadene.

Stortinget fastset godtgjersla for medlemmene i representantskapet og Den faste komiteen.³¹ Samla utbetaling i 2016 var 898 400 kroner. Av dette utgjorde fast godtgjersle 880 000 kroner, sjå spesifikasjon i tabell 2. I tillegg er det utbetalt godtgjersle ved frammøte som varamedlem i Den faste komiteen. Etter kriterium fastsette av representantskapet blir det òg godtgjort for dokumentert tap av arbeidsinntekt fordi ein må delta på møte.

Utbetalt lønn og anna godtgjersle til direktøren for tilsynssekretariatet var 1 912 217 kroner i 2016. Opptening av pensjon og verdien av andre fordelar utgjorde høvesvis 541 499 kroner og 14 331 kroner.

Kostnadene til finansiell revisjon omfattar Deloitte AS sitt oppdrag som ekstern revisor for Noregs Bank i kalenderåret 2016. Representantskapet godkjenner godtgjersla for revisjon av årsrekneskapen til Noregs Bank. I tillegg tek Deloitte AS imot honorar for finansiell revisjon i dotterselskap og anna tilknytt verksemd der verksemdene blir belasta direkte.

Om lag 85 prosent av kostnadene til bruk av ekstern revisor og eksterne fagressursar har med kapitalforvaltinga å gjere.

³¹ Satsane for honorar i 2016 og 2017 blei fastsette av Stortinget frå 1. januar 2016, jf. Innst. 137 S (2015-2016).

KAPITTEL 3

TILSYNET MED VERKSEMDSOVERGRIPANDE STYRING OG KONTROLL

VERKSEMDA TIL NOREGS BANK

Opgåvene til Noregs Bank og styringsstrukturen i banken er i hovudsak regulert i lov av 24. mai 1985 om Norges Bank og pengevesenet mv. Sentralbanken har som mål å fremje økonomisk stabilitet i landet. Banken har utøvande og rådgivande oppgåver i pengepolitikken og skal gjere sitt for at betalingssystema og finansmarknadene er robuste og effektive. Noregs Bank forvaltar valuta-reservane i landet.

Finansdepartementet har det overordna ansvaret for å forvalte Statens pensjonsfond som omfattar Statens pensjonsfond utland og Statens pensjonsfond Noreg.³² SPU er plassert som eit innskot i Noregs Bank, og sentralbanken gjennomfører den operative forvaltninga innanfor rammer og retningslinjer som departementet har fastsett.³³

Med utgangspunkt i sentralbanklova har Finansdepartementet fastsett forskrift om risikostyring og internkontroll i Noregs Bank (internkontrollforskrifta), forskrift om årsrekneskap m.m. for Noregs Bank, forskrift om pengepolitikken og andre forskrifter. Sentralbanken har fastsett forskrift om høve for bankar til å låne og gjere innskot i Noregs Bank og fleire forskrifter på kontantområdet. Verksemda er dessutan underlagd norsk lovgiving på område som rekneskap, skatt, offentleggjering, offentlege innkjøp, forvaltning, tryggleik, likestilling og arbeidsmiljø. Internasjonal verksemd i kapitalforvaltninga kan vere underlagd rammeverk som gjeld på den aktuelle staden. Noregs Bank har hovudkontoret sitt i Oslo og kan opprette kontor i Noreg og i utlandet.³⁴

ORGANISERINGA AV HOVUDSTYRET

Hovudstyret har i 2016 hatt åtte faste medlemmer oppnemnde av Kongen i statsråd.³⁵ Det er fem eksterne medlemmer som er oppnemnde for fire år. I tillegg er det oppnemnt to varamedlemmer som møter fast i hovudstyret og har talerett. Etter ei lovendring i 2015 blei det oppnemnt

ein andre visesentralbanksjef frå 2016. Sentralbanksjefen, som er leiar i hovudstyret, og dei to visesentralbanksjefane, som skal vere første og andre nestleiar i hovudstyret, blir utnemnde til heiltidsstillingar for seks år.

To medlemmer av hovudstyret som er valde av dei tilsette, deltek som tidlegare nemnt ved behandlinga av administrative saker. I slike saker blir hovudstyret også supplert med dei to varamedlemmene.

Godtgjersle og pensjon til sentralbanksjefen, visesentralbanksjefane og dei andre medlemmene blir fastsett av Finansdepartementet.

Hovudstyret har høve til å organisere verksemda slik at ho er tilpassa oppgåver og mål. Det er etablert fire saksførebuande og rådgivande utval:

- Revisjonsutvalet er etablert i samsvar med forskrift om risikostyring og internkontroll for Noregs Bank. Oppgåvene til utvalet er retta inn mot oppfølging, tilsyn og kontroll med rekneskapsrapportering, operasjonell risiko, etterleving og systema for risikostyring og intern kontroll. Internrevisjonen skal gi revisjonsutvalet nødvendig hjelp og vere sekretariat for utvalet.
- Risiko- og investeringsutvalet skal medverke til å styrkje og effektivisere arbeidet i hovudstyret med investeringsstrategi, gjeldande eksponering, vurderingar av resultat, fastsetjing og utnytting av risikorammer, og avgjerder om investeringar som er særleg viktige eller særleg store.
- Kompensasjonsutvalet skal førebu saker som gjeld lønns- og kompensasjonsordningar i Noregs Bank, og syte for at hovudstyret regelmessig vurderer korleis fastsette rammer og krav til ordningane blir etterlevde.³⁶
- Eigarskapsutvalet skal spesielt førebu saker som gjeld ansvarleg forvaltning og saker om observasjon og utestenging av selskap frå SPU.

³² Jf. lov om Statens pensjonsfond § 2 første og andre ledd

³³ – Retningslinjer og mandat for forvaltningen av Statens pensjonsfond utland, 8. november 2010, sist endra med verknad frå 1. februar 2016
– Retningslinjer for observasjon og utelukkelse fra Statens pensjonsfond utland.

³⁴ Fastsett i sentralbanklova § 8

³⁵ Sentralbanklova § 6, endra med verknad frå 1. januar 2016 med utviding frå ein til to visesentralbanksjefar

³⁶ Jf. tidlegare forskrift om godtgjørslesordningar i finansinstitusjoner. Ny forskrift om finansforetak og finanskonsern (finansforetaksforskrifta) gjeld frå 1. januar 2017. Kapittel 15 handlar om godtgjørsleordningar i finansforetak.

Hovudstyret har fastsett ein forretningsorden for arbeidet sitt³⁷ og mandat for utvala. Forretningsordenen er publisert på heimesidene til Noregs Bank.

Mandata for revisjonsutvalet, kompensasjonsutvalet og risiko- og investeringsutvalet blei endra i 2016, og representantskapet er orientert om dette. Verksemda til utvala påverkar ikkje ansvaret til dei enkelte styremedlemmene eller det samla ansvaret til hovudstyret. Det skal haldast minst eitt fellesmøte mellom kompensasjonsutvalet og risiko- og investeringsutvalet i året, der formålet er å drøfte tema som er relevante for arbeidet i begge utvala. Utvala kan elles avtale fellesmøte ved behov.

Andre visesentralbanksjef leier risiko- og investering-utvalet og eigarskapsutvalet. Kvart utval har tre medlemmer som elles er valde blant eksterne medlemmer og varamedlemmer i hovudstyret. For revisjonsutvalet blir det stilt krav i internkontrollforskrifta om at medlemmene skal veljast av og blant dei eksterne medlemmene av hovudstyret.³⁸

Etter sentralbanklova ligg den utøvande og rådgivande myndigheita hos hovudstyret som organiserer verksemda. Avgjerder av strategisk eller prinsipiell art blir tekne av hovudstyret. Det kan givast særskilde fullmakter til sentralbanksjefen eller andre som på avgrensa område får myndigheit til å avgjere saker.³⁹ Delegert myndigheit blir følgd opp gjennom regulær rapportering.

Sentralbanksjefen kan etter ei generalfullmakt avgjere ei sak som høyrer inn under hovudstyret når det er heilt nødvendig at det blir gjort vedtak raskt, og det ikkje er tid eller høve til å kalle saman hovudstyret for å avgjere saka. Denne myndigheita kan ikkje delegerast vidare.

I 2016 blei det oppretta ein sentral stab. Stabsdirektøren rapporterer til sentralbanksjefen. Staben skal vere sekretariat, yte administrativ støtte til leiinga, hovudstyret og utval under hovudstyret og ta hand om kontakten med internrevisjonen og tilsynssekretariatet. Arbeidet omfattar òg oppfølging av det juridiske rammeverket for verksemda

til sentralbanken og hovudstyret sin eksterne kommunikasjon. Det er hovudstyret som tilset direktøren for den sentrale staben, juridisk direktør og kommunikasjonsdirektøren.

Hovudstyret fører protokollar frå møta sine. Protokollane blir sende til representantskapet etter godkjenning. Finansdepartementet⁴⁰ og Riksrevisjonen⁴¹ tek imot protokollane etter kvart, og dei blir òg gjorde offentleg tilgjengelege,⁴² med unntak mellom anna for opplysningar som er underlagde teieplikt. Protokollar frå rentemøta er offentlege etter tolv år.

Hovudstyret gjennomfører ei årleg drøfting av eiga rolle og arbeidsform.

INTERNREVISJONEN

Hovudstyret har etablert ein internrevisjon med utgangspunkt i føresegnar i sentralbanklova og internkontrollforskrifta. Internrevisjonen si rolle er å støtte hovudstyret si oppfølging ved å gi vurderingar om risikostyring og internkontroll. Oppgåvene blir utførte i samsvar med instruks frå hovudstyret og internasjonale standardar for korleis internrevisjon skal utførast.⁴³ Hovudstyret godkjenner arbeidsplanar. Internrevisjonen rapporterer til hovudstyret via revisjonsutvalet.

Direktøren for internrevisjonen blir tilsett og får avskil av hovudstyret og rapporterer administrativt til sentralbanksjefen. I samsvar med internkontrollforskrifta skal leiaren av internrevisjonen ha rett til å møte i hovudstyremøta.

Internrevisjonen kjem årleg med ein rapport til hovudstyret om risikostyringa og internkontrollen i tråd med internkontrollforskrifta. Vurderingar byggjer på observasjonar frå gjennomførte revisjonsprosjekt, oppfølging av konklusjonar frå tidlegare revisjonar og jamleg kontakt med verksemda. Rapporten er med på å underbygge den heilskapsvurderinga sentralbanksjefen og hovudstyret gjer av internkontrollen.

37 Sist endra 16. desember 2015

38 Forskrift om risikostyring og internkontroll i Norges Bank § 10


39 Sentralbanklova § 10

40 Sentralbanklova § 30 andre ledd

41 Jf. Stortinget sin instruks av 11. mars 2004 om verksemda til Riksrevisjonen § 12

42 Sjå www.norges-bank.no.

43 Standardar gitt av The Institute of Internal Auditors

FIGUR 6 ORGANISASJONSKART NOREGS BANK

Representantskapet blir jamleg orientert om kva planar internrevisjonen har og kva dei rapporterer om gjennom protokollane frå hovudstyret og dialogen med tilsynssekretariatet.

TO VERKSEMDSOMRÅDE

Oppgåvene til Noregs Bank blir tekne hand om av dei to verksemdsområda sentralbankverksemda (SBV) og Norges Bank Investment Management (NBIM) med underliggjande avdelingar. Hovudstyret tilset direktør for kvar av avdelingane i sentralbankverksemda, direktøren for NBIM og direktøren for eigedomsforvaltinga Norges Bank Real Estate Management (NBREM).

Sentralbanksjefen leier administrasjonen i Noregs Bank og har overordna ansvar for at vedtak blir sette i verk. Hovudstyret har delegert det samla og overordna ansvaret for forvaltinga av SPU som heilskap til direktøren for NBIM, som òg har ansvar for å leggje fram saker på sitt område. Det er etablert eit sentralt leiarforum som før behandling i hovudstyret drøftar retningslinjer som blir fastsette av sentralbanksjefen, og saker som er viktige for heile verksemda til Noregs Bank.

Tilsynet med sentralbankverksemda er omtalt i kapittel 4, og tilsynet med NBIM er omtalt i kapittel 5 seinare i rapporten.

Korleis Noregs Bank er organisert, er vist på figur 6.

TILSYN OG VURDERINGAR I 2016

KORLEIS HOVUDSTYRET STYRER VERKSEMDA PÅ EIT OVERORDNA NIVÅ

Sentralbankverksemda og forvaltinga av Statens pensjonsfond utland blir utøvd etter strategiar, mål og styringsystem. Gjennom ulike rapportar frå hovudstyret og munnlege orienteringar på møta har representantskapet følgd utviklinga i organiseringa av arbeidet gjennom 2016. Noregs Bank er éi juridisk eining, og representantskapet er oppteke av at hovudstyret har god styring og kontroll både på eit samla overordna nivå og på kvart av verksemdsområda.


Hovudstyret fastset treårige overordna strategiplanar som gjer greie for utfordringar og prioriteringar. Vidare behandlar ein strategiar for dei to verksemdsområda. Saman med lovpålagde krav og interne retningslinjer set strategiane rammer og gir retning for utviklinga av verksemda.

I strategien for 2014–2016 la hovudstyret vekt på at Noregs Bank skal fornye og vidareutvikle arbeidet med kjerneoppgåvene. Sentralbanken skal medverke til å setje standarden internasjonalt for korleis pengepolitikken skal utøvast, og for korleis stabiliteten i det finansielle systemet og i internasjonal kapitalforvalting skal overvakast og analyserast. Hovudstyret sender over og gir orientering om strategiane til representantskapet. Måloppnåing og handlingsplanar blir rapporterte gjennom periodiske verksemdsrapportar og budsjettstatus frå hovudstyret.

Hovudstyret etablerer rammer og prinsipp som syter for risikostyring og internkontroll på eit overordna nivå for heile verksemda til Noregs Bank. Prinsipp for risikostyring inneber ei systematisk og heilskapleg tilnærming. Hovudstyret fastset risikoprofil, rammer for risiko og prinsipp for risikostyring samla og for kvart enkelt verksemdsområde. Risikostyring er ein integrert prosess i verksemdsstyringa som skal medverke til å skape balanse mellom mål, risiko og kontrolltiltak. Sentralbanksjefen skal syte for å etablere ei forsvarleg risikostyring og ein god internkontroll på basis av ei vurdering av aktuelle risikoar etter retningslinjer fastsette av hovudstyret.

Rammeverket for verksemdsstyring inneber ein stor grad av delegering til verksemdsområda. Kvart av verksemdsområda utarbeider utfyllande retningslinjer for gjennomføringa. Verksemdsområda har etablert funksjonar som koordinerer og følgjer opp risikostyring og etterleving i si eiga eining.

Hovudstyret behandlar regelmessige verksemdsrapportar gjennom året som gir status når det gjeld strategiar, handlingsplanar og ressursbruk. Vidare behandlar ein rapportar om operasjonell risikostyring og etterleving. Kritiske hendingar skal straks rapporterast til hovudstyret.

FIGUR 7 KONTROLLMODELL I NOREGS BANK (FORSVARSLINJEMODELL)

1. linje: Funksjonar i den operative verksemda som eig risikoar og er ansvarlege for å handtere risikoar og gjennomføre kontrollhandlingar i den daglege verksemda
2. linje: Einingar med spesialiserte kontrolloppgåver innanfor verksemdsstyring og etterleving, og på område som tryggleik og økonomistyring. Andrelinja skal vere uavhengig av den operative førstelinja. Andrelinja identifiserer særskilde risikoar, medverkar til å gjennomføre tiltak, følgjer opp risikoar og kontrolltiltak på tvers av den operative verksemda og er ansvarleg for å rapportere om dette til leiinga.
3. linje: Internrevisjonen er etablert som ein objektiv stadfestings- og rådgivingsfunksjon med direkte rapportering til hovudstyret.

Gjennom tilsynet blir oppfølginga av den heilskaplege styringa og av organiseringa av verksemda drøfta. I ulike tilsynsgjennomgangar er det peikt på område som ut frå styringsperspektiv kunne vore organiserte på eit overordna felles nivå. Representantskapet har òg reist spørsmål ved om ressursbruken er kostnadseffektiv, og om det bør vere høve til å utnytte spisskompetanse og stordriftsfordelar på tvers av verksemdsområda. Noregs Bank viser til ulike etablerte felles møte for utveksling av informasjon og kunnskap, særleg når det gjeld kommunikasjon, HR, etterleving og fysisk tryggleik.

Representantskapet har rådd hovudstyret til å vurdere å klargjere roller og ansvar knytt til verksemdsovergrepande støttefunksjonar med utgangspunkt i at Noregs Bank er éi juridisk eining. At hovudstyret har etablert ein sentral stab og eit sentralt leiarforum, kan innebere ei betre oppfølging på dette punktet.

Hovudstyret sine prosessar for strategisk styring av verksemda er vurderte i tilsynsgjennomgangar der hovudstyret blir rådd til å vurdere å tydeleggjere operative mål i det vidare strategiarbeidet. Rapporteringa frå verksemdsområda til hovudstyret kan knytast meir direkte til strategiske mål og handlingsplanar.

I svaret sitt til representantskapet viser hovudstyret mellom anna til at strategiar er konkretiserte gjennom operative mål i dei årlege handlingsplanane, som igjen blir følgde opp i resultatrapportering. Hovudstyret vil komme tilbake til dette i den kommande strategiperioden. Representantskapet følgjer utviklinga gjennom hovudstyret si rapportering om strategiarbeid i ein ny periode for 2017–2019.

TILBAKEMELDINGAR FRÅ HOVUDSTYRET OG OPPFØLGING AV TILSYNSVURDERINGAR

Hovudstyret gir svar i brev til representantskapet gjennom året om korleis rapportar frå tilsynsgjennomgangar er blitt følgde opp. I tillegg er det etablert ein praksis for at hovudstyret éin gong i året rapporterer om statusen når det gjeld oppfølging av tilsynsrapportar frå representantskapet.

I brev av 10. mars 2017 opplyser hovudstyret om statusen når det gjeld oppfølginga av tolv tilsynsrapportar, med eit noko utdjupande svar på tilrådingar i ni av tilsynsgjennomgangane. Fire av desse er omtalte seinare i denne rapporten under temaa «kontrollstrukturen i Noregs Bank», «styring av og kontroll med kompensasjonsordninga i forvaltinga av SPU», «styring av kostnadsutviklinga i forvaltinga av SPU» og «rammeverket for styring av og kontroll med skattekostnader i forvaltinga av SPU, Noregs Bank sin skatteposisjon». Dei andre rapportane er tidlegare omtalte i Dokument 9 for 2014 og 2015.

Representantskapet følgjer utviklinga i hovudstyret si behandling. Tilsynssekretariatet er blitt bede om å gå igjennom brev frå hovudstyret og leggje fram forslag til vidare oppfølging av tilrådingar i dei enkelte tilsynsgjennomgangane. Det er ein viktig del av tilsynsverksemda å undersøkje om tidlegare tilrådingar er blitt følgde opp. Dette kjem til å ha høg prioritet i tilsynet i 2017.

KONTROLLSTRUKTUREN I NOREGS BANK

For representantskapet er det svært viktig at hovudstyret og sentralbanksjefen har etablert føremålstenlege rammer for ein heilskapleg kontroll med verksemda i tråd med lov og forskrifter. Med bakgrunn i tilsynsplanen for 2016 har tilsynssekretariatet gått igjennom kontrollstrukturen i Noregs Bank med utgangspunkt i etablerte prinsipp for risikostyring.

Vurderingar i gjennomgangen er gjorde med utgangspunkt i ein modell for heilskapleg risikostyring i COSO-rammeverket og samanlikningar med anerkjend praksis for styring og kontroll. Organisering av heilskapleg styring og kontroll er òg skildra i ein internkontrollmodell⁴⁴ med etablering av tre nivå. Styret og leiinga må etter denne modellen etablere linjefunksjonar, overvaking og kvalitetssikring som til saman sikrar ein heilskapleg internkontroll.

Figur 7 viser kontrollmodellen i Noregs Bank.

⁴⁴ ECIIA/FERMA, *Guidance on the 8th EU Company Law Directive*, article 41

I gjennomgangen blei det skaffa fram informasjon om arbeidet med internkontroll i andre sentralbankar og samanliknbare verksemdar, mellom anna gjennom samtalar med Bank for International Settlements (BIS) og Första AP-fonden i Sverige. Relevante styringsdokument er lagde til grunn, og det er gjennomført intervju med sentrale personar som har med styring og oppfølging av internkontrollen i Noregs Bank å gjere, både på administrasjonsnivå og på hovudstyrenivå. Ein del problemstillingar er drøfta med ekstern juridisk rådgivar.

Hovudkonklusjonen i gjennomgangen var at hovudstyret har etablert ein kontrollstruktur for Noregs Bank og prosessar for oppfølging av internkontrollen som er i tråd med internkontrollforskrifta. Hovudstyret blei likevel rådd til å vurdere om ansvaret for heilskapen i kontrollarbeidet for Noregs Bank og mellom NBIM og NBREM er gjort tydeleg nok. Hovudstyret blei òg rådd til å vurdere å etablere ein systematisk og kontinuerleg prosess for å evaluere om den samla rapporteringa til hovudstyret er tilpassa styrings- og kontrolloppgåvene.

Hovudstyret har svart at det kvart år har ei særskild drøfting av eiga arbeidsform og egne oppgåver. Omfanget av og kvaliteten på rapporteringa til styret er eit fast diskusjonspunkt i desse gjennomgangane. I saksframlegget til den siste drøftinga av arbeidsforma i hovudstyret blei det varsla at det vil bli gjennomført ein grundig gjennomgang av rapporteringa til styret. Dette arbeidet er i ferd med å bli ferdigstilt når det gjeld rapportering om SPU. Det kan vere behov for ein tilsvarande gjennomgang av rapporteringa frå sentralbankverksemda.

Etter anerkjende prinsipp⁴⁵ er det viktig at styret etablerer uavhengige risiko- og etterlevingsfunksjonar med direkte rapporteringslinje. Noregs Bank har ikkje etablert ein konsernovergripande funksjon for andrelinja når det gjeld risikostyring og etterleving. Oppgåvene blir derimot utførte i tre avdelingar i høvesvis sentralbankverksemda, NBIM og NBREM. Hovudstyret blei rådd til å vurdere å gjere etterlevingsfunksjonen meir uavhengig ved å involvere seg i prosessen som gjeld tilsetjing og direkte oppfølging.

Hovudstyret viser i sitt svarbrev etter rapporten til at heilskapen i kontrollarbeidet er teken hand om på ein god måte. I notat frå sentralbanksjefen til hovudstyret om organiseringa av Noregs Bank er det streka under som eit prinsipp at reell og god risikostyring og kontroll føreset kunnskap, kompetanse og kjennskap til korleis verksemda blir utøvd. Hovudstyret legg derfor til grunn at risikostyring og kontroll blir gjennomført verksemdsnært på grunn av den ulike karakteren og styringsstrukturen til verksemdsområda og av omsyn til at det skal vere klare ansvarsforhold.

Hovudstyret meiner at sjølvstendet til etterlevingsfunksjonane er sikra gjennom etablerte rapporteringslinjer til hovudstyret. Hovudstyret ser ikkje at det er etablert ein klar marknadspraksis for at styra sjølve står for tilsetjingsprosessar når det gjeld leiarar av risiko- og etterlevingsfunksjonar. Samtidig er det visse utviklingstrekk som går i retning av at styret skal spele ei meir sentral rolle ved slike tilsetjingar. Hovudstyret vil vurdere endringar i Noregs Bank i lys av utviklinga.

Direktøren for NBIM har ansvaret for forvaltinga av SPU, som òg omfattar eigedomsforvaltinga. Ved rapporteringa frå NBREM blei det i gjennomgangen peikt på at rapporteringslinjene er uklare, og hovudstyret blei rådd til å gjere dei tydelegare.

I svarbrevet sitt viser hovudstyret til at stillingsinstruksjonen gitt av hovudstyret pålegg direktøren for NBIM å delegerare ansvaret for forvaltinga av unoterte eigedomsinvesteringar til direktøren for NBREM. Det blir samtidig klart uttrykt at det overordna ansvaret for forvaltinga ligg i NBIM. Hovudstyret vil i tida framover leggje til grunn at direktøren for NBIM skal godkjenne alle saker som kjem frå NBREM, før dei blir sende til hovudstyret.

I tilsynsrapporten blir hovudstyret rådd til å vurdere om det i Noregs Bank bør etablerast ein ekstern uavhengig varslingskanal. Hovudstyret viser til at internrevisjonen er varslingsinstans for sentralbankverksemda og NBIM. I NBIM og NBREM er òg dei to etterlevingsfunksjonane varslingsinstansar. Dei etablerte varslingsinstansane kan ved behov nytte eksterne ressursar i saksbehandlinga. Det gjer etter hovudstyret si meining at vurderingane blir meir uavhengige.

45 BIS Corporate governance principles for banks

Den nogjeldande ordninga med internrevisjonen som felles uavhengig varslingsinstans er mellom anna ei oppfølging av tilrådingar frå representantskapet etter ein tidlegare tilsynsgjennomgang.⁴⁶ Hovudstyret viser òg til at regjeringa nyleg har oppnemnt eit ekspertutval for å gå igjennom og vurdere varslingsføresegnene. Utvalet skal i samband med dette mellom anna sjå på ei ordning med eksterne varslingsmottakarar. Det kan vere fornuftig å sjå resultatet av dette arbeidet før hovudstyret eventuelt gjer endringar i varslingsordninga.

Representantskapet har teke svarbrevet frå hovudstyret til førebels orientering og har bede tilsynssekretariatet vurdere ei vidare oppfølging av svaret frå hovudstyret.

TRYGGLEIK OG BEREDSKAP

God IT-tryggleik og cybertryggleik, fysisk tryggleik og beredskap har stor merksemd i Noregs Bank. Verksemda kjem inn under tryggingslova og verneinstruksen, og krava til tryggingsklarering av personale og autorisasjon for tilgang til informasjon er blitt skjerpa. Representantskapet meiner det er svært viktig at funksjonar i Noregs Bank som er viktige for samfunnstryggleiken blir sikra, og at tryggleiken til dei tilsette og sikring av verdier blir gitt høg prioritet.

Hovudstyret har fastsett prinsipp for tryggleik, beredskap og handtering av kriser i Noregs Bank. På eit overordna nivå blir det gitt ei felles regulering for vern av verdier som er vesentlege både for sentralbankverksemda og for NBIM. Ein felles overordna beredskapsplan der det er gjort greie for kriseorganisasjonen i Noregs Bank blei etablert i 2016. Sentralbanksjefen har fastsett retningslinjer for fysisk tryggleik i Noregs Bank som utdjupar prinsippa frå hovudstyret. Etter retningslinjene skal det minst éin gong i året utarbeidast ein strategisk trusselanalyse i Noregs Bank som skal presenterast for hovudstyret. Representantskapet er òg orientert om dette arbeidet.

Endringa i dei overordna retningslinjene for fysisk tryggleik har presisert ansvarsdelinga mellom tryggingsorganisasjonane i verksemdsområda. Leiarane for verksemdsområda er den øvste leiinga for tryggleiken på sine egne område. Retningslinjene frå sentralbanksjefen slår fast at

visse tryggingsoppgåver skal takast hand om samla for verksemdsområda av sentralbankverksemda, og at visse oppgåver skal utførast som fellestenester av sentralbankverksemda. Det skal haldast regelmessige møte for å leggje til rette for aktiv utveksling av informasjon om tryggleiken mellom verksemdsområda.

Noregs Bank samarbeider med tryggingsmiljøa på Stortinget og i departementa, politiet, statlege og kommunale styresmakter og andre relevante instansar i Noreg og internasjonalt. Nasjonalt tryggingsorgan (NSM) skal kontrollere tilstanden når det gjeld tryggleiken i verksemdar som tryggingslova gjeld for, medrekna Noregs Bank. Dei fører tilsyn med at føresegnar i tryggingslova om førebyggjande tryggingsteneste blir etterlevde. Det er etablert rutine for rapportering av hendingar til NSM i samsvar med desse reguleringane.

Med utgangspunkt i det aktuelle trusselbiletet arbeider sentralbanken på ein systematisk måte, mellom anna gjennom ein fastsett beredskapsplan og ved å gjennomføre regelmessige øvingar. Representantskapet er oppteke av at trusselvurderingar må vere realistiske, og at beredskapsarbeidet blir prioritert, med planlegging for ulike scenario.

Tryggingsmessige forhold blir følgde gjennom den regulære verksemdsrapporteringa og i hovudstyret sine planar og budsjettframlegg. Som oppfølging av eksterne hendingar og vurderingar av trusselbiletet blir det jamleg gjort nødvendige endringar i beredskapsprosessar og kontrollrutinar for å sikre verdiane i Noregs Bank og banken sin organisasjon. Det ligg føre omfattande planar, instruksar og avtalar som dekkjer dei mest ekstreme situasjonane landet kan komme opp i. Som sentral samfunnsinstitusjon har Noregs Bank dei beste føresetnadene for å sikre verdiane sine.

Representantskapet har spesiell merksemd retta mot tryggleik og beredskap og er orientert om dei prinsippa hovudstyret følgjer for dette arbeidet. Noregs Bank sine prioriteringar for gjennomføring av tiltak for å styrkje tryggleiken og beredskapen blir drøfta regelmessig. Ein merkar seg at dei største truslane er knytte til IT og utkontraktering av oppgåver.

⁴⁶ Tilsynsgjennomgang om arbeidet til internrevisjonen i 2013

Ressursar til å gjennomføre tiltak blir løyvde gjennom årlege budsjett. I ekstraordinære situasjonar kan hovudstyret dekkje kostnader for å sikre liv, helse og større verdier utan at det er gitt ei særskild løyving, men med etterfølgjande rapportering til representantskapet. Det er ikkje rapportert om slike tilfelle i 2016.

ARBEIDSMILJØ

Det er etablert fleire partssamansette utval som gjer at ein følgjer føresegnar i arbeidsmiljølova og avtalar mellom tilsette og Noregs Bank som arbeidsgivar. Arbeidsmiljøutvalet skal arbeide for å få gjennomført eit forsvarleg arbeidsmiljø og sjå til at krav i IA-avtalen blir følgde.⁴⁷ Utvalet blir annakvart år leidd av sentralbanksjefen og annakvart år av hovudverneombodet. Vidare er det etablert medbestemmings- og personalutval som skal ta hand om informasjon, samarbeid og medråderett i hovudavtalane mellom partane. Det er eitt utval i sentralbankverksemda og eitt i NBIM. For kvar tariffperiode blir det oppnemnt eit forhandlingsutval som syter for å få gjennomført tarifforhandlingane med organisasjonane til dei tilsette. Årsrapportane frå arbeidsmiljøutvalet blir behandla av representantskapet.

I arbeidet med å fremje likestilling har hovudstyret i Noregs Bank valt å setje måltal for kor stor prosentdel kvinner det skal vere blant dei tilsette i rullerande treårsperiodar. Arbeidet med likestilling er langsiktig, og ein har ein ambisjon om at prosentdelen kvinner i Noregs Bank skal vere minst 40. Gjeldande måltal for prosentdelen kvinner i sentralbankverksemda er 40 for stillingskategoriane leiarar og medarbeidarar. Måltal for NBIM er 25 prosent for leiarar og 33 prosent for medarbeidarar. Skilnaden i måltala har samanheng med at det i visse forretningssegment framleis er låg tilgang på kvinnelege kandidatar.

Det blir rapportert om utviklinga i likestilling og lønnsnivå i årsmeldinga. Representantskapet ser positivt på at ein har fastsett måltal og styrer etter dei for å oppnå likestilling, men har stilt spørsmål til leiinga i sentralbanken

ved at måloppnåinga kan synast å ta lengre tid enn forvent.

Representantskapet er fornøgd med at lover og reguleringar gjennom avtalar om arbeidsmiljøet blir etterlevde, og at det blir rapportert om dette.

PENSJONSKASSA TIL NOREGS BANK

Pensjonskassa til Noregs Bank blei oppretta av representantskapet 1. juni 1916. Formålet med pensjonskassa er å yte pensjonar til medlemmene og andre som har rett til pensjon frå Noregs Bank. Pensjonskassa kan òg omfatte pensjonsordning for tidlegare tilsette i Noregs Bank som er blitt overførte til andre selskap gjennom overdraging av verksemdar.

Dei gjeldande vedtektene er vedtekne av representantskapet.⁴⁸ Endringar i vedtektene skal vedtakast av styret i pensjonskassa og leggjast fram til orientering for Noregs Bank og styra i eventuelle tilslutta selskap. Endringar i vedtektene skal godkjennast av Finanstilsynet. Pensjonskassa er ei sjølvstendig juridisk eining uavhengig av Noregs Bank.

Pensjonskassa blir leidd av eit eige styre med seks medlemmer med varamedlemmer. Fire styremedlemmer med to varamedlemmer er oppnemnde av hovudstyret i Noregs Bank, og av dei har minst éin styremedlem ikkje noka tilknytning til pensjonskassa eller til Noregs Bank eller tilslutta selskap. To styremedlemmer med varamedlemmer blir oppnemnde av organisasjonane til arbeidstakarane. Finanstilsynet fører tilsyn med verksemda.⁴⁹ Styret i pensjonskassa gjer avtale med ein aktuar som skal vere godkjend av og rapporterer til Finanstilsynet.⁵⁰

Noregs Bank garanterer for banken sin del av premiereserven. Representantskapet er oppteke av soliditeten til pensjonskassa og av at ein oppnår god avkastning. Representantskapet er orientert om medlemmer som Noregs Bank oppnemner til styret og tek imot årsrapportar frå

⁴⁷ Regjeringa og hovudorganisasjonane i arbeidslivet skreiv 4. mars 2014 under den fjerde intensjonsavtalen for eit meir inkluderande arbeidsliv (IA-avtalen). Noregs Bank har slutta seg til avtalen. IA-avtalen gjeld for perioden 4. mars 2014 – 31. desember 2018.

⁴⁸ Fastsett 13. desember 2007 og sist endra 25. november 2010. Vedtektene og endringar av vedtektene skal vere godkjende av Kongen, jf. lov om forsikringselskaper, pensjonsforetak og deres virksomhet § 7-4.

⁴⁹ Lov om tilsynet med finansinstitusjoner mv. (finansstilsynslova) § 1, første ledd pkt. 15


⁵⁰ Jf. forskrift av 1. juni 1990 nr. 434 om aktuar

pensjonskassa. Etter spørsmål til sentralbanken er det gitt ei orientering om praksisen for honorering av styre-medlemmer og varamedlemmer.

Pensjonsordninga i Noregs Bank og endringar i aldersgrenser og pensjonsalder følgjer det som gjeld i Statens pensjonskasse. Hovudstyret gjorde i 2016 endringar i aldersgrenser og pensjonsalder tilpassa endringar i Statens pensjonskasse. Mellom anna blei den generelle aldersgrensa for tilsette i Noregs Bank fastsett til 70 år. Representantskapet har merka seg korleis Noregs Bank har gjennomført tilpassingar i pensjonsordninga.



FIGUR 8 SENTRALBANKLEIINGA ORGANISJONSKART



KAPITTEL 4

TILSYNET MED SENTRALBANKVERKSEMMA

OPPGÅVER OG ORGANISERING

Noregs Bank har som mål å fremje økonomisk stabilitet i landet. Sentralbanken har rådgivande og utøvande oppgaver i pengepolitikken.⁵¹ Vidare skal sentralbanken utferde pengesetlar og myntar i landet, fremje eit effektivt betalingssystem innanlands og overfor utlandet og overvake penge-, kreditt- og valutamarknadene.⁵² Noregs Bank kan stå for regelmessig og offentleg kursnotering for valuta etter nærmare reglar gitt av Kongen og skal plassere dei offisielle valuta-reservane slik at dei tener den valutapolitikken som er fastlagd.⁵³ Desse oppgåvene er organiserte i avdelingane for pengepolitikk, finansiell stabilitet og marknader og banktenester i sentralbankverksemda.

Sentralbanksjefen har etablert ein organisasjon og ein styringsstruktur som klargjer roller og ansvar. Ved utføringa av kjerneoppgåvene har avdelingsdirektørar ansvar for risikostyring, internkontroll og økonomistyring på sine område. Dei fastset òg interne retningslinjer. Avdelinga for konsern- og fellesfunksjonar tek seg av administrative oppgaver knytte til sentralbankverksemda i tillegg til funksjonar og prosessar som gjeld for heile Noregs Bank. Det er etablert ein sentral styrings-, risiko- og etterlevingsfunksjon (GRC) som skal støtte avdelingsleiarane og sentralbanksjefen i arbeidet med å følgje opp verksemdsrisiko og etterleving. I styringa av rammer og retningslinjer og oppfølginga av hendingar blir det nytta elektronisk verktoy som er tilgjengeleg for alle tilsette i sentralbankverksemda.

Organiseringa av sentralbankverksemda er vist på figur 8.

TILSYN OG VURDERINGAR I 2016

KORLEIS HOVUDSTYRET OG SENTRALBANKSJEFEN FØLGJER OPP SENTRALBANKVERKSEMMA

Hovudstyret behandlar verksemdsrapportering for sentralbankverksemda kvart halvår. Behandlinga omfattar status for handlingsplanar og ressursbruk, verksemdsrisiko, etterleving og internkontroll. Med utgangspunkt i overordna prinsipp for risikostyring i Noregs Bank har hovudstyret òg vedteke prinsipp for risikostyring i sentralbankverksemda. Hovudstyret har vidare behandla kriterium for vurdering av nivå når det gjeld risiko i verksemdene. Sentralbanksjefen har fastsett utfyllande retningslinjer for risikostyring. Desse retningslinjene definerer risikoforhold og gjer greie for korleis uønskte hendingar skal handterast, kven som har ansvaret, og korleis det skal rapporterast. Identifisering og vurdering av risiko blir rapportert kvartalsvis til sentralbanksjefen.

Tilsynssekretariatet har i regelmessige møte gjennom året med etterlevingsfunksjonen GRC diskutert hendingar og rutinar for oppfølging. Eventuelle brot på regelverket eller uønskte hendingar blir omtalte i verksemdsrapporteringa frå hovudstyret til representantskapet. Det er ikkje rapportert om vesentlege brot i verksemda i året som har gått.

Representantskapet er orientert om prinsippa og retningslinjene for risikostyring. Det er svært viktig for tilsynet at det er etablert dokumenterte rutinar for rapportering av hendingar og for korleis risikoreduserande tiltak er blitt sette i verk. Styringa av sentralbankverksemda blir følgd gjennom halvårleg rapportering frå hovudstyret og oppfølging av protokollar frå hovudstyret. Status for gjennomføring av handlingsplanar blir behandla i samband med framlagd verksemdsrapportering og fastsetjinga av årlege budsjett for Noregs Bank.

Hovudstyret har fastsett prinsipp for bonusordningar i sentralbankverksemda, og sentralbanksjefen fastsette i 2016 utfyllande retningslinjer. Ordninga gjeld for medarbeidarar i sentralbankverksemda som har individuelle forvaltingsmandat og valutamandat i forvaltninga av valuta-reservane. Medarbeidarane skal ikkje gjennom ordninga bli motiverte til å ta unødig stor risiko eller til å leggje vekt på oppgaver som kan gi utbetaling av bonus.

⁵¹ Sentralbanklova § 1 første ledd, andre og tredje punktum: «Norges Bank skal være et utøvende og rådgivende organ for penge-, kreditt- og valutapolitikken. Den skal utstede pengesedler og mynter, fremme et effektivt betalingssystem innenlands og overfor utlandet og overvåke penge-, kreditt- og valutamarkedene.»

⁵² Jf. sentralbanklova § 1

⁵³ Jf. sentralbanklova § 24

I 2016 har sentralbanksjefen oppdatert dei overordna prinsippa for korleis tilsette i sentralbankverksemda skal behandle marknadskjensleg informasjon. Med marknadskjensleg informasjon er det ikkje berre meint opplysningar som er omfatta av omgrepet «innsideinformasjon» i verdipapirhandellova, men òg opplysningar som kan ha noko å seie for kurs- og marknadstilhøva og som er underlagde teieplikt eller unnatekne offentleggjering. Det gjeld òg særskilde reglar for opplysningar som er graderte fortruleg eller strengt fortruleg etter verneinstruksen.⁵⁴

Representantskapet er orientert om endringar av prinsippa gjennom behandling av protokollar frå hovudstyret.

FORVALTINGA AV INTERNASJONALE RESERVAR

Dei internasjonale reservane til Noregs Bank består av valutareservane og fordringar på Det internasjonale valutafondet (IMF). Valutareservane er valutaberedskapen til Noregs Bank og skal kunne trekkjast på som ledd i gjennomføringa av pengepolitikken, ut frå omsynet til finansiell stabilitet eller for å møte Noregs Bank sine internasjonale forpliktingar overfor IMF og enkeltland.⁵⁵

Valutareservane utgjer om lag 90 prosent av balansen i Noregs Bank, eksklusive SPU. Marknadsverdien ved utgangen av 2016 var 480,9 milliardar kroner (470,1 milliardar kroner i 2015). Valutareservane består av ein petrobufferportefølje, ein renteportefølje og ein aksjeportefølje. Petrobufferporteføljen skal ta imot kontantstraumen til staten frå petroleumsvirksomheita i utanlandsk valuta og eventuelle overføringar frå Statens pensjonsfond. Renteporteføljen har fram til 1. desember 2016 bestått av ein pengemarknadsportefølje og ein langsiktig renteportefølje.

Sentralbanksjefen har fastsett retningslinjer for petrobufferporteføljen og for forvaltinga av renteporteføljen. Vidare er det etablert retningslinjer for eventuell overføring frå aksjeporteføljen til renteporteføljen dersom det er behov for å styrkje beredskapen. Det blir lagt stor vekt på omsynet til likviditet. I forvaltinga av valutareservane er Noregs Bank eksponert for ulike typar av finansiell

risiko, i hovudsak marknadsrisiko, kredittrisiko og motpartsrisiko. Noregs Bank er ikkje eksponert for likviditetsrisiko i norske kroner.

Aksjeporteføljen og den langsiktige renteporteføljen har vore forvalta av NBIM, mens pengemarknadsporteføljen og petrobufferporteføljen har vore forvalta av sentralbankverksemda. Frå 1. desember 2016 er all renteforvaltning i valutareservane samla i sentralbankverksemda. Reorganiseringa blei i hovudsak gjort for å styrkje beredskapen i sentralbankverksemda med tanke på å møte finansielle kriser. Ei større samla renteforvaltning kan òg medverke til auka marknadsinnsikt og dermed syte for gode innspel til arbeidet med pengepolitikk og finansiell stabilitet i banken. Hovudstyret har vedteke endringane, som kjem fram gjennom oppdaterte prinsipp for forvaltinga av valutareservane til Noregs Bank.⁵⁶

Representantskapet har følgd endringa i organiseringa av renteporteføljen og er oppteke av at organiseringa oppfyller formålet med forvaltning, strategi og risikoprofil for valutareservane. Til spørsmål på møta har sentralbanksjefen orientert om justeringane i prinsippa til hovudstyret og om kostnader ved å flytte forvaltinga av renteporteføljen.

Rapportar frå hovudstyret om finansiell risiko og forvaltinga av valutareservane er behandla av representantskapet. Forvaltinga gjennom året har vore innanfor den maksimale risikoramma som er fastsett av sentralbanksjefen. Representantskapet merkar seg at hovudstyret og sentralbanksjefen har ei aktiv tilnærming til dette viktige området for sentralbanken.

PENGEPOLITIKK OG FINANSIELL STABILITET

Bankane kan ha innskott i Noregs Bank ved overskotslikviditet eller skaffe seg nok likviditet til betalingsoppgjera i Noregs Bank ved å låne med trygd i verdipapir. Ved utgangen av 2016 hadde bankane netto innskott i Noregs Bank på 52,8 milliardar kroner. Renta på bankane sine innskott i Noregs Bank er den sentrale renta Noregs Bank set når banken utøver pengepolitikken (styringsrenta).

⁵⁴ Instruks for behandling av dokumenter som trenger beskyttelse av andre grunner enn nevnt i sikkerhetsloven med forskrifter (verneinstruksen)

⁵⁵ Dette svarer til IMF sin definisjon av omgrepet valutareservar («foreign exchange reserves»).

⁵⁶ Fastsett av hovudstyret i Noregs Bank 23. januar 2013, med heimel i sentralbanklova § 10 første ledd og § 24. Sist endra 27. januar 2016.

Noregs Bank fastset vilkår for innskot og utlån gjennom forskrift om bankers adgang til lån og innskudd i Norges Bank mv.⁵⁷ I 2016 gjorde Noregs Bank endringar i vilkåra for bankar og kredittinstitusjonar som driv grensekryssande verksemd i Noreg. Vidare blei det fastsett nye vilkår for trygdgiving for lån. Endringar i forskrifta blir gjennomførte etter at ein har teke imot høyringsfråsegner frå mellom andre Finans Norge og Finanstilsynet.

Representantskapet fører ikkje tilsyn med dei faglege vurderingane hovudstyret gjer, kva råd det gir, og korleis det utøver skjønn,⁵⁸ men er orientert om den aktuelle økonomiske situasjonen gjennom protokollane frå hovudstyret og presentasjonar frå sentralbanksjefen på møte.

Etter forskrift om motsyklisk kapitalbuffer⁵⁹ utarbeider Noregs Bank avgjerdsgrunnlag og gir Finansdepartementet kvartalsvis råd om nivået på denne bufferen i bankane. Kor sårbar banksektoren er, blir jamleg analysert. Kravet til motsyklisk kapitalbuffer på éin prosent⁶⁰ høyrer inn under det samla kravet til kjernekapitaldekning i bankane.

Representantskapet er orientert om den pengepolitiske rapporten frå Noregs Bank der den finansielle stabiliteten er vurdert. Denne rapporten blir offentleggjort fire gonger i året. Rapporten inneheld hovudstyret si vurdering av utsiktene for styringsrenta og krav til motsyklisk kapitalbuffer i bankane. Vidare tek representantskapet imot årsrapporten frå hovudstyret om finansiell stabilitet, der ein ser nærmare på langsiktige og strukturelle trekk ved bankvesenet.

Ved gjennomgang av protokollar frå hovudstyret er representantskapet kjend med ulike høyringsfråsegner som Noregs Bank har gitt i 2016 mellom anna om krisehandtering i banksektoren og ny gjeldsregisterlov. Representantskapet merkar seg særleg utviklinga i nye betalingsystem og Noregs Bank si rolle i denne samanhengen.

Innhaldet i rapportane fell i utgangspunktet utanfor tilsynsområdet til representantskapet, men gir viktig bakgrunnsinformasjon om kjerneoppgåver og om korleis prosessar på dette området blir gjennomførte i sentralbanken.

OPPGJERSSYSTEMET TIL NOREGS BANK

Betalingstransaksjonar blir gjorde opp mellom bankar i Noreg med konto i Noregs Bank. Sentralbanken er det øvste nivået i oppgjerssystemet (NBO) til Noregs Bank og skal medverke til å skape eit effektivt og trygt betalingsystem. Betalingssystemet og den finansielle infrastrukturen utgjer ein kritisk samfunnsfunksjon. NBO er eit skjermingsverdig objekt etter krava i tryggingslova til sikring av objekt som er viktige for samfunnet.⁶¹ NBO skal oppfylle krava i tryggingslova og rapportere etter relevante internasjonale standardar.

Nasjonalt tryggingsorgan (NSM) fører tilsyn med korleis krava til skjerming blir følgde opp. Noregs Bank tek imot tilsynsrapportar frå NSM, og eventuelle avvik blir handterte og følgde opp gjennom generell rapportering om tryggleiken. Noregs Bank er ikkje formelt omfatta av Finanstilsynet si forskrift om bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT-forskrifta), men nyttar denne forskrifta som eit relevant styringsrammeverk i samband med drift og utvikling av IT-løysingane for oppgjerssystemet.

I 2015 var det ein tilsynsgjennomgang av styring av og kontroll med cybertryggleiken⁶² i NBO. Utviklinga og drifta av oppgjerssystemet er avhengig av komponentar leverte av fleire leverandørar. Styringa av tryggleiken kring NBO i Noregs Bank og hos leverandør blei gjennomgått. Ei tilråding var at Noregs Bank burde styrkje arbeidet med styring av cybertryggleiken. Sentralbanken har etablert ein tiltaksplan for å ta hand om og følgje opp tilrådingane i rapporten. I svaret frå hovudstyret til rapporten blei det vist til arbeid med nye strategiar for 2017–2019.

⁵⁷ Heimla i sentralbanklova §§ 19 og 20


⁵⁸ Jf. sentralbanklova § 5 fjerde ledd

⁵⁹ Finansdepartementet, fastsett ved kgl.res. 4. oktober 2013

⁶⁰ Noregs Bank sitt råd er å byggje opp til og halde éin prosent i perioden frå 30. juni 2015 og auke til 1,5 prosent frå 30. juni 2016. Hovudstyret bestemte i møte 14. desember 2016 å gi nytt råd om å auke bufferkravet til 2 prosent frå 31. desember 2017.

⁶¹ Tryggingslova § 17. Objekttryggleiksforskrifta stiller krav til utveljing, klassifisering og vern av skjermingsverdige objekt som i samsvar med tryggingslova er avgjerande for den nasjonale tryggleiken.

⁶² Omgrepet cybertryggleik er ei vidareutvikling av informasjonstryggleiksomgrepet og speglar att korleis samfunnet blir stadig meir avhengig av IT-system.

FIGUR 9 FORSYNINGSMODELLEN FOR SETLAR OG MYNTAR

I 2016 blei det dagleg i gjennomsnitt gjort opp betaling for 221 milliardar kroner gjennom NBO. Kontrollrutinane hos leverandøren blir dokumenterte i årlege rapportar⁶³ som blir gjennomgått av Noregs Bank, og som inneheld viktig informasjon for banken og den eksterne revisoren. Kvart år blir det gjennomført beredskapsøvingar.

Representantskapet har i møte bede om å få vite korleis sentralbanksjefen vurderer leverandørmarknaden for IT-tenester til sentralbanken, og kva risikovurderingar som blir gjorde ved utkontraktering. Noregs Bank går jamleg igjennom leverandøravtalane sine og er merksam på risikoen ved at det er få aktørar å velje mellom. Drifta av oppgjerssystemet skjer i Noreg, mens fagsystema som blir nytta, er utvikla og haldne ved like av utanlandske dataselskap.

Hovudstyret følgjer regelmessig opp risikovurderingar og hendingar knytte til NBO. I årsmeldinga for 2016 blir det meldt at drifta i oppgjerssystemet har vore stabil og utan alvorlege avvik. Representantskapet er orientert om beredskapsarbeidet og vesentlege hendingar knytte til drifta. Årsrapport frå Noregs Bank om oppgjerssystemet og ein offentlig rapport om den finansielle infrastrukturen i 2016 blir behandla seinare i 2017.

Representantskapet merkar seg at hovudstyret er svært oppteke av stabil drift og datatryggleik, og vil halde seg orientert om leverandørsituasjonen.

SETLAR OG MYNTAR, UTFERDARROLLA TIL NOREGS BANK

Noregs Bank har ein suveren rett til å utferde norske pengesetlar og myntar. Oppgåva er forankra i sentralbanklova. Utferding og forsyning blir gjennomført i prosessar som omfattar design og produksjon av nye setlar og myntar, lagerstyring, transport, destruksjon av slitne eller utgåtte setlar og myntar, og distribusjon til bankane i Noreg. Hovudstyret vedtek å gi ut jubileums- og minnemyntar basert på ei delegering frå Finansdepartementet.

Distribusjonslageret til Noregs Bank er eit skjermingsverdig objekt etter tryggingslova. Det er etablert eit høgt tryggleiksnivå med interne kontrollprosessar i linja, i tillegg til oppfølging frå internrevisjonen, den eksterne revisoren og tilsynssekretariatet. Hovudstyret og sentralbanksjefen har fastsett overordna interne retningslinjer for verksemdsstyring, risikohandtering, tryggleik, offentlege innkjøp o.a. som er relevante for styringa av kontantforsyninga. I dei nye retningslinjene frå sentralbanksjefen om den fysiske tryggleiken i Noregs Bank er det mellom anna sett overordna krav til tryggingsnivået i kvelv og lokale. Desse krava gjeld òg for sentralbankdepot og lager hos leverandørar.

Sentralbanken har ansvar for å fremje eit effektivt betalingsystem og sikre at det er nødvendig tilgang på kontantar i samfunnet. Publikum skal òg ha tillit til at kontantar som sirkulerer, er ekte. I det operative arbeidet har Noregs Bank i stor grad ei rolle som grossist, der produksjon og distribusjon blir utført av ulike leverandørar etter langsiktige kontraktar. Å utferde og forsyne landet med setlar og myntar er eit kompetanseområde som i utgangspunktet berre ligg hos sentralbanken. Det er avgrensa tilgang til leverandørar av produksjon og tenester på dette området. Risikoen i ein slik modell er knytt til prosessar for inngåing av kontraktar, oppfølging av leverandørar og eventuell svikt i leveransar. Sjå illustrasjonen på figur 9 av forsyningsmodellen for setlar og myntar.

Behaldninga av setlar og myntar i omløp utanfor Noregs Bank var 50,5 milliardar kroner ved utgangen av 2016. Det er ein nedgang frå året før på om lag 2,6 milliardar kroner. Årsrapportar frå Noregs Bank om setlar og myntar og omtale i verksemdsrapportar blir behandla av representantskapet. Representantskapet har drøfta tryggleiken ved bruk av kontantar og tilgangen til kontantar i Noreg. Merksemda i representantskapet er særleg knytt til at det er høg ibuande risiko på dette området for misleghald og eksterne truslar. Det er ikkje rapportert om vesentlege avvik i etablerte rutinar i 2016.

⁶³ Attestasjonsfråsegner om kontrollar hos ein serviceorganisasjon, gitt av eksterne revisor i Evry ASA etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3402

Tilsynssekretariatet har gjort ein gjennomgang av den oppgåva Noregs Bank har med å utferde setlar og myntar i samsvar med godkjend tilsynsplan for 2016. Siktemålet var å vurdere om Noregs Bank har etablert rammer for og sytt for ei tenleg gjennomføring av forsyningsoppgåva på kontantområdet.

Hovudvurderinga i rapporten er at hovudstyret og sentralbanksjefen har tett oppfølging av den rolla og det ansvaret Noregs Bank har i kontantforsyninga. Det er i fastsette krav frå Noregs Bank og gjennom avtalar med leverandørar etablert ein omfattande modell for å sikre styring og kontroll. Rutinar og kontrollprosessar i Noregs Bank på dette området blir vurderte å vere organiserte på nivå med samanliknbare sentralbankar i Europa. Den etablerte forsyningsmodellen gjer sitt til at sentralbanken i Noreg oppfyller den rolla banken har når det gjeld å skape tillit til norske setlar og myntar som sikre betalingsmiddel.

Representantskapet slutta seg til vurderingane i tilsynsrapporten om den oppgåva Noregs Bank har med å utferde setlar og myntar. Rapporten er send til hovudstyret til orientering.

Representantskapet er orientert om og har løyvt ressursar til å gjennomføre prosjektet med å utvikle ein ny setelserie som no er i gang. Dei første valørane skal etter planen bli tilgjengelege for publikum i andre kvartal 2017.

I tilknytning til ny lov om finansforetak har Noregs Bank saman med Finanstilsynet gitt råd til Finansdepartementet om beredskapen i betalingssystemet.⁶⁴ Publikum sin tilgang på kontantar er basert på at Noregs Bank forsyner bankane, som igjen forsyner kundane sine. Tydeleggjering av bankane sitt ansvar for å sikre at kundane kan disponere bankinnskota sine gjennom innskot og uttak av kontantar er viktig. Reguleringane er vesentlege for publikum i samband med risiko for svikt i dei elektroniske betalings-tenestene eller uvisse knytt til at tilgangen til eigne midlar kan bli hindra på annan måte.

Representantskapet ser det som positivt at Noregs Bank saman med Finanstilsynet og Finansdepartementet medverkar til å setje klare rammer som omfattar alle ledda i kontantforsyninga. Etter ei samla vurdering meiner representantskapet at det er etablert fullgod styring av og kontroll med oppgåver og ansvar på setel- og myntområdet.

Fleire sentralbankar, mellom dei Noregs Bank, gjer utgreiingar om utviklinga av nye former for kontantforsyning ved at det blir teke i bruk elektroniske, digitale eller virtuelle sentralbankpengar. Det vil vere naturleg å følgje med på dette i det tilsynet representantskapet gjennomfører i tida framover.

STATEN SINE KONTOAR I NOREGS BANK

Ved utgangen av 2016 utgjorde dei statlege innskota i Noregs Bank 147,2 milliardar kroner. Det er inngått ein avtale med Finansdepartementet som regulerer kontohald for staten i Noregs Bank. Avtalen er justert i 2016. Arbeidet blir utført i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten og i samsvar med retningslinjer for oppgjerskontoar i konsernkontosystemet. Noregs Bank er ansvarleg for å gjennomføre og følgje opp avtaleregulerte krav til tryggleik, tryggingskopiering og beredskapsrutinar, medrekna dei oppgåvene som blir utførte av ekstern leverandørar av driftstenester og kontohald.

Etter avtalen med Finansdepartementet skal det givast ei årleg uavhengig attestasjonsfråsegn om korleis Noregs Bank oppfyller operative og tryggings- og beredskapsmessige krav. Deloitte AS har komme med ei slik fråsegn med vurderingar av kontrollrutinar for 2016. Det er gitt attestasjonsfråsegn med positiv konklusjon som er teken til etterretning av representantskapet og send vidare til Finansdepartementet.

⁶⁴ Finansdepartementet sende 31. januar 2017 på høyring eit forslag til forskrift frå Finanstilsynet og Noregs Bank om bankane sitt ansvar for beredskap i samband med distribusjon av kontantar. Forslaget til forskrift er meint å medverke til at bankane oppfyller si plikt etter finansforetakslova § 16-4.

FORVALTINGA AV STATSGJELDA


Noregs Bank utfører bankforretningar for staten, statsbankar og offentlege fond og yter tenester ved opptak av statslån og forvaltning av statsgjeld etter avtale med og mandat frå Finansdepartementet. Avtalen om kontohald for staten i Noregs Bank omfattar også desse oppgåvene. Banken får ei årleg avtalt godtgjersle frå departementet.

Statsgjelda høyrer inn under statsrekneskapen og er ikkje ein del av rekneskapen til Noregs Bank. Det blir rapportert kvartalsvis til Finansdepartementet, og rapportane blir publiserte av Noregs Bank.

Reglement for økonomistyring i staten krev at alle verksemder skal etablere system og rutinar som har innebygd internkontroll. Det gjeld også om oppgåver er delegerte til andre. Etter oppmoding frå Finansdepartementet er det gjort eit uavhengig attestasjonsoppdrag av rammeverk og prosessar for rekneskapsføring og betalningar i statsgjeldsforvaltinga. Deloitte AS har komme med ei attestasjonsfråsegn⁶⁵ med positiv konklusjon. Fråsegna er teken til etterretning av representantskapet og send vidare til Finansdepartementet. I tillegg har Riksrevisjonen fått rapport frå Deloitte AS om kontrollhandlingar knytte til rekneskapen for statsgjeldsforvaltinga.

⁶⁵ Attestasjonsoppdrag etter internasjonal revisjonsstandard ISAE 3000

FIGUR 10 ORGANISASJONSKART FOR NBIM



KAPITTEL 5

TILSYNET MED KAPITALFORVALTINGA

OPPGÅVER OG ORGANISERING

NBIM står for den operative forvaltinga av Statens pensjonsfond utland. Forvaltinga av Noregs Banks valuta-reserver er omtalte lenger framme i rapporten.

Noregs Bank forvaltar SPU etter lov om Statens pensjonsfond og mandat og retningslinjer for forvaltinga. Midlane i fondet er plasserte som eit kroneinnskott i Noregs Bank, og kapitalen er investert berre i utlandet. Banken skal etter mandatet plassere midlane i eige namn i ein portefølje som i hovudsak består av aksjar, obligasjonar og ein unotert eigedomsporfølje (fast eigedom). Siktemålet med investeringane er å oppnå ei høgst mogleg avkastning etter kostnader, med moderat risiko og innanfor dei rammene som elles gjeld for forvaltinga.

Finansdepartementet har definert den overordna målsetjinga for SPU i mandatet for forvaltinga: «Banken skal søke å oppnå høyst mulig avkastning etter kostnader målt i investeringsporteføljens valutakurv og innenfor de rammer som gjelder for forvaltningen.»⁶⁶ Finansdepartementet har fastsett ein referanseindeks, og Noregs Bank kan avvike noko frå denne indeksen (1,25 prosent relativ volatilitet).

Hovudstyret skal ha ein strategisk plan for korleis forvaltingsoppdraget skal løysast. Planen skal oppdaterast regelmessig og ved vesentlege endringar i forvaltinga. Hovudstyret skal regelmessig evaluere i kva utstrekning måla i den strategiske planen er nådde.⁶⁷

Marknadsverdien av investeringane i SPU auka i 2016 med 35 milliardar kroner til 7 510 milliardar kroner. Ved utgangen av 2016 var investeringane i SPU fordelt med 62,5 prosent i aksjar, 34,3 prosent i rentepapir og 3,2 prosent i unotert eigedom. Fondet har sidan oppstarten fått tilført 3 397 milliardar kroner frå oljeinntektene. Den samla avkastninga sidan oppstarten har vore 3 123 milliardar kroner. I 2016 blei det for første gong i historia teke pengar ut av fondet. Uttaket var på 101 milliardar kroner.

Hovudstyret har fastsett ein stillingsinstruks og eit investeringsmandat for direktøren i NBIM. Han har ansvaret for å leie, forvalte og utvikle NBIM og rapporterer direkte til hovudstyret.

Oppgåva med å forvalte unoterte eigedommar er lagd til ei eiga avdeling, Norges Bank Real Estate Management (NBREM). Direktøren i NBREM er tilsett av hovudstyret etter innstilling frå direktøren i NBIM og rapporterer til direktøren i NBIM. Mandat og stillingsinstruks for direktøren i NBREM er fastsett av direktøren i NBIM. Sistnemnde har det overordna ansvaret for alle saker som blir lagde fram for hovudstyret, også når det gjeld eigedomsforvaltinga.

Både i NBIM og NBREM er det etablert egne risiko-styringseiningar og einingar for oppfølging av korleis lover, forskrifter, mandat og retningslinjer blir etterlevde.

Figur 10 viser organisasjonskart for NBIM.

Verksemda er leidd frå Oslo. NBIM har etablert kontor i London, New York, Singapore og Shanghai. I tillegg har NBREM etablert fire administrative og operative heileigde dotterselskap i Luxembourg, Singapore, London og Tokyo. Investeringar i eigedom blir haldne gjennom eigarstrukturar som er etablerte i USA og UK, og under dotterselskapet i Luxembourg. Selskapa som eig heimel til eigedommane, kan vere dotterselskap eller tilknytte selskap.

Etter mandat for SPU skal Noregs Bank rapportere offentlig om resultat frå forvaltinga. For verksemda i 2016 er det utarbeidd tre kvartalsrapportar og ein årsrapport. Vidare har banken publisert rapportar om ansvarleg forvalting, om eigedomsforvaltinga og om avkastning og risiko.

⁶⁶ Mandat for forvaltningen av SPU § 1-3: Målsetting for forvaltningen

⁶⁷ Mandat for SPU § 1-7

TILSYN OG VURDERINGAR I 2016

HOVUDSTYRET SI OPPFØLGING AV FORVALTINGA AV SPU

Etter mandatet for forvaltinga av SPU skal hovudstyret ha ein strategisk plan for korleis forvaltingsoppdraget skal løysast.⁶⁸ Planen skal oppdaterast regelmessig og ved vesentlege endringar i forvaltinga. Hovudstyret har fastsett strategi for perioden 2014–2016 for Statens pensjonsfond utland. Dei viktigaste måla for strategiperioden er at Noregs Bank gjennom forvaltinga skal medverke til å sikre verdiane i fondet for framtidige generasjonar. Særtrekk ved fondet, i første rekkje storleiken og det langsiktige perspektivet, blir utnytta for å hente ut god avkastning. I 2016 er det arbeidd med strategi for forvaltinga i perioden 2017–2019.

Hovudstyret skal regelmessig evaluere i kva utstrekning måla i den strategiske planen er nådde. I brev til Finansdepartementet har hovudstyret lagt fram si evaluering av strategiperioden 2014–2016. Hovudstyret vurderer det slik at måla i strategiplanen i det alt vesentlege er nådde.

Noregs Bank har rådgivingsplikt og uttalerett når det gjeld investeringsstrategiar og endringar i mandatet for SPU. Rådgiving gjennom brev til Finansdepartementet er offentlege dokument. Representantskapet blir halde orientert om råd og utsegnar.

Årsrapport om forvaltinga av SPU inneheld hovudstyret si vurdering av oppnådde resultat.⁶⁹ I rapporten for 2016 er hovudstyret nøgd med at dei ulike strategiane samla sett har gitt ei gjennomsnittleg årleg meiravkastning for forvaltingskostnader på 0,20 prosentpoeng sidan 2013, men meiner at det er viktig å vurdere resultata over tid. I 2016 var bidraget til meiravkastninga for fondet frå strategiane for marknadseksponering positivt, mens strategiar for verdipapirseleksjon og allokering trekte meiravkastninga ned. Hovudstyret er vidare nøgd med at avkastninga av aksje- og obligasjonsporteføljen i fondet over tid har vore høgare enn i referanseindeksen.

Representantskapet har merka seg hovudstyret sine vurderingar.

Endringar i mandatet for SPU blir sette i verk gjennom jamlege oppdateringar av interne retningslinjer. Hovudstyret fastset prinsippdokument og gir utfyllande føresegner og rammer i investeringsmandat til direktøren i NBIM. I 2015 etablerte hovudstyret ein investeringskomité for eigedom i NBIM, Real Estate Investment Board (REIB), og gav mandat til komiteen. REIB blir leidd av direktøren i NBIM og har fem medlemmer. Hovudstyret har oppnemnt to eksterne komitémedlemmer for eitt år, med høve til forlenging. Avgjerder om investeringar på over 750 millionar USD skal godkjennast i komiteen. Enkeltinvesteringar på over 1,5 milliardar USD skal godkjennast av hovudstyret etter behandling i REIB og hovudstyret sitt risiko- og investeringsutval.

Hovudstyret har fastsett prinsipp for operasjonell risiko-styring i NBIM. Prinsippa fastset mellom anna ei finansiell toleransegrense. Prinsippa blir regelmessig vurderte, og representantskapet blir halde orientert.

Det er stor merksemd om avkastninga i SPU. I tråd med mandatet skal internasjonalt anerkjende standardar leggjast til grunn når det gjeld verdivurdering, måling av avkastning og styring, måling og kontroll av risiko. Sentrale tal for avkastninga blir tekne med i noteinformasjon i kvartals- og årsrapportane for SPU og i årsrekneskapen for Noregs Bank.

Hovudstyret følgjer forvaltinga mellom anna gjennom periodiske rapportar om avkastning og risiko, verksemdsstyring, etterleving og intern kontroll. Rapportane blir sende til representantskapet. I samband med at representantskapet behandlar kvartalsrapportar, er det gitt presensasjonar om korleis forvaltinga er blitt gjennomført, om oppnådde resultat og om risikoforhold. Representantskapet er nøgd med at rapporteringa om uønskte hendingar er svært open. Det er registrert ein auke i talet på hendingar, men dei økonomiske konsekvensane er vurderte som uvesentlege. Gjennom året er det ikkje rapportert om vesentlege brot på mandatet eller på dei retningslinjene som gjeld for forvaltinga av fondet.

⁶⁸ Mandat for SPU § 1-7

⁶⁹ Mandat for SPU § 6-2

Representantskapet er oppteke av at organiseringa i Noregs Bank sikrar det heilskaplege ansvaret for forvaltinga av SPU gjennom tydelege rapporteringslinjer til hovudstyret. Ansvarsfordelinga mellom direktøren i NBIM og direktøren i NBREM har vore særleg drøfta. Det er blitt reist spørsmål ved om etableringa av eigedomsverksemda kan føre til risiko for dubling av administrative funksjonar og auka kostnader, og om risikostyringa kan bli mindre koordinert som følgje av denne organiseringa.

AVKASTING OG RISIKO

Etter mandatet skal Noregs Bank arbeide for å oppnå så høg avkastning som råd etter kostnader i forvaltinga av SPU. NBIM offentliggjør ein årleg publikasjon om avkastning og risiko. Publikasjonen omtaler mellom anna prinsipp for risikojustering av avkastningstal og om rapportkrava for avkastning og risiko i forvaltingsmandatet er nådde.

Representantskapet har følgd opp vurderingane i ein tilsynsgjennomgang i 2015, der det blei konstatert at dei overordna målsetjingane for forvaltinga av SPU er etablerte i samsvar med leiande praksis. Representantskapet peikte likevel på at hovudstyret bør vurdere å etablere eit sett med overordna styringsparametrar for å systematisere oppfølginga av forvaltinga. Mellom anna kan ein vurdere å setje konkrete mål for avkastninga og mål for korleis risikoramma gitt frå Finansdepartementet skal utnyttast. Hovudstyret har svart på dette ved å vise til strategiarbeid for SPU for perioden 2017–2019.

Noregs Bank har i statusrapport for oppfølging av tilsynsgjennomgangar⁷⁰ svart at hovudstyret i den nye strategiplanen har lagt vekt på å grunngi val av investeringsstrategiar i forvaltinga av fondet. Det er lagt særleg vekt på korleis strategiane utnyttar særtrekk ved fondet og dei fortrinna NBIM har i forvaltinga. Strategiplanen gjer òg greie for kva som er formålet med dei ulike strategiane. For somme strategiar er målet å betre byteforholdet mellom den absolutte avkastninga av fondet og risikoen, mens andre strategiar har fokus på å auke avkastninga av fondet over tid.

Gjennom 2016 har representantskapet fått brev frå hovudstyret om avkastning og risiko kvart kvartal. Under behandlinga har representantskapet merka seg tilfelle av mindre avkastning, og vedvarande låg utnytting av risikoramma i mandatet frå Finansdepartementet er særleg drøfta. Sentralbanksjefen orienterte om korleis hovudstyret følgjer opp dei ulike strategiane. På spørsmål blei det òg gjort greie for korleis hovudstyret følgjer opp landrisiko i lys av nedgraderinga av brasilianske obligasjonar, effektar av den britiske folkeavrøystinga om medlemskap i EU («Brexit») og andre geopolitiske risikoar. Det blei òg orientert om risikoane knytte til obligasjonsporteføljen som følgje av låge renter.

STYRING AV OG KONTROLL MED KOMPENSASJONSORDNINGA I FORVALTINGA AV STATENS PENSJONSFOND UTLAND

Mandatet for forvaltinga av SPU set overordna vilkår for å etablere ei godtgjersleordning for tilsette i NBIM.⁷¹ Vidare seier mandatet at forskrift om godtgjøreelse i finansinstitusjoner mv. gjeld med «nødvendige tilpasninger» for Noregs Bank.⁷² Forskrifta set krav både til korleis kompensasjonsordninga skal fastsetjast og følgjast opp, og til kva element ho kan innehalde. Dersom rammeverket for styring av og kontroll med kompensasjonsordninga ikkje er i samsvar med reguleringar eller beste praksis, kan følgjene vere negative for omdømmet til Noregs Bank.

I tråd med mandat for forvaltinga av SPU har hovudstyret fastsett retningslinjer og rammer for ei godtgjersleordning for tilsette i NBIM. Ordninga skal innehalde særskilde føresegner for leiande tilsette og ulike grupper av tilsette elles, avhengig av kontrolloppgåver og risikoeksponering. Siktemålet er å medverke til å fremje og gi insentiv til god styring av og kontroll med risikoen for forvaltinga, motverke at ein tek for høg risiko og unngå interessekonflikatar. Kompensasjonsordninga skal vere innretta slik at ho skaper ein insentivstruktur som er tilpassa det overordna målet, risikotoleransen og dei langsiktige interessene til verksemda. Eit for høgt lønnsnivå som ikkje er tilpassa fastsette

⁷¹ Mandat for SPU § 5-2

⁷² Forskrift 1. desember 2010 om godtgjøreelse i finansinstitusjoner, verdipapirforetak og forvaltningsselskaper for verdipapirfond. Godtgjersleforskrifta gjennomfører EU sine krav til godtgjersleordningar. Frå 1. januar 2017 går denne forskrifta ut, og godtgjersleordningane er regulerte i ny forskrift om finansforetak og finanskonsern kapittel 15.

⁷⁰ Jf. brev av 10. mars 2017, som er omtalt lenger framme

mål og strategiar, kan drive kostnadene opp utan at det strategiske målet for verksemda blir nådd. Om lønnsnivået og kompensasjonsnivået derimot er for lågt, risikerer ein at ein ikkje tiltrekkjer seg og held på ønskt kompetanse.

Etter forslag frå kompensasjonsutvalet fastset hovudstyret intervall for leiarlønningar, og direktøren i NBIM fastset den faste lønna til medlemmene i leiargruppa. I den gruppa som har prestasjonsbasert lønn, er det berre med forvaltarar som arbeider med investeringsavgjerder eller analysar, eller som gjennomfører handlar og transaksjonar. Informasjon om ordninga i forvaltinga av SPU er offentliggjord på heimesidene til NBIM og omtalt i årsrapportar frå Noregs Bank.

Tilsynssekretariatet har gjennomført ei vurdering av godtgjersleordninga i NBIM. Gjennomgangen viste at hovudstyret har fastsett overordna rammer for og følgjer opp ordninga i NBIM i samsvar med gjeldande reguleringar. I rapporten blei hovudstyret rådd til å vurdere å gå igjennom prinsippa for ordninga på ein heilskapleg måte for å sikre at dei er tilpassa måla og strategien for forvaltinga av SPU.

Representantskapet slutta seg til vurderingane i rapporten, som blei send til hovudstyret til behandling. Hovudstyret har i sitt svar merka seg tilrådinga om ein heilskapleg gjennomgang av prinsippa for kompensasjonsordninga for å sikre at dei er tilpassa måla og strategien for forvaltinga av SPU. Hovudstyret sine prinsipp for kompensasjon blir reviderte minst éin gong i året. Leiinga i NBIM og NBREM får ikkje bonuslønn. Ved neste revisjon vil tilrådingane i rapporten bli vurderte, medrekna krava til minimumslengd for opptenings- og utbetalingsperiodar og prinsippa for prestasjonsbasert kompensasjon i eigedomsforvaltinga.

I samband med rapporten frå tilsynsgjennomgangen behandla representantskapet òg hovudstyret sin gjennomgang av kompensasjonssystemet i 2016. Internrevisjonen har komme med ei fråsegn om korleis gitte rammer for godtgjersle gitt i forskrift er etterlevde. Eit justert mandat for kompensasjonsutvalet blei òg lagt fram. Representantskapet drøfta den årlege oppfølginga frå hovudstyret og tok oppfølginga til orientering.

Representantskapet følgjer arbeidet i hovudstyret med godtgjersleordningane vidare.

STYRING AV KOSTNADSUTVIKLINGA I FORVALTINGA AV SPU

Tilsynssekretariatet, med assistanse frå Oliver Wyman AB, har gått igjennom styringa av kostnadsutviklinga i forvaltinga av Statens pensjonsfond utland. Siktemålet var å vurdere dei rammene og prosessane hovudstyret har fastsett for styring av kostnadsutviklinga.

Noregs Bank sine kostnader ved forvaltinga av SPU har auka med veksten i fondet og utviklinga av nye oppgåver. I budsjettet for 2016 låg det an til at dei totale forvaltingskostnadene i NBIM i strategiperioden 2014–2016 ville auke frå 3,3 milliardar kroner til rundt rekna 4,8 milliardar kroner, ein auke frå 5,8 til 6,3 basispunkt som del av kapitalen under forvalting. Dei faktiske forvaltingskostnadene for 2016 enda på om lag 3,9 milliardar kroner, nær éin milliard kroner under budsjettet. Hovudforklaringa på kostnadsreduksjonen var lågare prestasjonsavhengige honorar fordi ein oppnådde svakare resultat enn forventa.

Ei sentral føresegn i budsjettreglementet for representantskapet i Noregs Bank er at ressursbruken «skal være kostnadseffektiv, og sikre at bankens drift og forvaltningen av eiendeler og verdier gjennomføres på en forsvarlig måte». Det er også eit krav at kostnadsutviklinga skal «kommenteres i lys av fastsatte strategier og mål og tilgjengelige eksterne sammenligninger». Vesentlege kostnadsdrivande val skal presenterast med kost-/nyttevurderingar.

Hovudstyret sitt økonomireglement for Noregs Bank presiserer at samanhengen mellom strategi, aktivitetar og ressursbruk skal synleggjerast. I strategiplanen blir det lagt vekt på at ressursbruken skal vere nøktern og forsvarleg. Hovudstyret set premissane for kostnadsutviklinga i forvaltinga av SPU ved å etablere strategiar og mål.

I tilsynsgjennomgangen blei det gjort ei vurdering mot beste praksis i samanliknbar verksemd. Det blir gitt uttrykk for at det er positivt at hovudstyret har etablert ei målsetjing for interne forvaltingskostnader, men at denne ramma bør gå fram som ein tydeleg referanse i budsjett. I tilsynsrapporten blei hovudstyret rådd til å vurdere å innarbeide konkrete kost-/nyttevurderingar og scenario-

analysar i strategi- og budsjettprosessane på ein meir systematisk måte. Noregs Bank nyttar eit eksternt samanlikningsgrunnlag for kostnader i budsjettforslaga, primært Finansdepartementet sin CEM-analyse. I analysen blir det ikkje justert for dei strategiske vala som Noregs Bank har teke, og dermed får ein ikkje synleggjort effektiviteten i utføringa av strategiane.

Ein modell som viser kva som bestemmer kostnadsnivået i ei verksemd, er gitt på figur 11. Styringsmodellen i Noregs Bank er samanlikna med ein generell styringsmodell.

I tilsynsrapporten blir hovudstyret rådd til å konkretisere punkta i budsjettreglementet om kostnadseffektiv ressursbruk i økonomireglementet, og å vurdere å gi ytterlegare føringar for styring av kostnadsutviklinga. Vidare bør hovudstyret vurdere å etablere ytterlegare nøkkeltal for kostnadsstyring og jamleg sjå på om den eksterne kostnadssamanlikninga som blir nytta, er relevant.

Representantskapet slutta seg til vurderingar og tilrådingar i tilsynsgjennomgangen, og rapporten er send til hovudstyret.

Hovudstyret har i brev til representantskapet om tilrådingar i rapporten svart at det vil leggje til grunn ein meir systematisk bruk av kost-/nyttevurderingar i samband med ny strategi for forvaltinga av SPU for perioden 2017–2019. På den måten kjem konsekvensane av dei ulike vala godt fram. Hovudstyret viser til analysar frå CEM Benchmarking som på oppdrag frå Finansdepartementet samanliknar kostnadene til fondet med andre fond internasjonalt. Til tilrådinga frå representantskapet om å vurdere relevansen av den eksterne kostnadssamanlikninga viser hovudstyret til at CEM-analysen er den beste kjelda, og i tillegg at det er vanskeleg å justere for strategiske val. Hovudstyret vil likevel vurdere å etablere nøkkeltal som kan komplementere eksisterande kostnadsrapportering.

Hovudstyret har i statusrapport for oppfølging av tilsynsgjennomgangar⁷³ òg uttalt at det tek sikte på å revidere økonomireglementet i Noregs Bank første halvår 2017. Siktemålet er å konkretisere krava til kostnadseffektiv

ressursbruk, medrekna krav til gjennomføring av kostnadssamanlikningar.

Representantskapet har merka seg at hovudstyret vil arbeide med oppfølgingspunkta frå tilsynsrapporten. Hovudstyret blei bede om å presentere kostnadssamanlikningar i samband med framlegg av budsjett for 2017. Det er vist til tilsynsgjennomgangen i representantskapet si behandling av budsjettet, som er omtalt seinare i denne rapporten.

RAMMEVERKET FOR STYRING AV OG KONTROLL MED SKATTEKOSTNADER I FORVALTINGA AV SPU, SKATTEPOSISJONEN TIL NOREGS BANK

Noregs Bank har inga skatteplikt for verksemda i Noreg, men er skattepliktig i fleire land der det blir gjort investeringar. Representantskapet er oppteke av problemstillingar som gjeld skatt, og at rammene for verksemda blir følgde også på dette feltet.


I eit attestasjonsoppdrag utført av Deloitte AS i samarbeid med tilsynssekretariatet blei Noregs Bank sitt rammeverk for risikostyring av og kontroll med skattespørsmål vurdert. Det blei sett på risikostyring og kontrollmekanismer som er etablerte for å sikre at relevante lover og reglar blir etterlevde. Overvaking av finansiell og omdømmerelatert risiko blei vurdert saman med intern rolle- og ansvarsfordeling, risikotoleranse og oppfølgingsystem på området.

Gjennomgangen omfatta òg i kva grad verksemda er open om skatteforhold. Praksis for openheit blei vurdert mot sentrale initiativ knytte til openheit om skatt, forventningar frå styresmakter, organisasjonar og samfunnet generelt, og opp mot erfaring Deloitte AS har med marknadspraksis.

Attestasjonsrapporten frå tilsynsgjennomgangen konkluderer med at Noregs Bank har utforma og implementert eit rammeverk for risikostyring av og kontroll med skatt som i det alt vesentlege er i tråd med beste praksis i Noreg og internasjonalt. Hovudstyret og direktøren i NBIM har definert ein skattestrategi som syter for at ein følgjer overordna prinsipp og retningslinjer for handtering av skatt, medrekna risikotoleranse og forholdet til skattemyndigheiter. Noregs Bank har med bakgrunn i ei

⁷³ Jf. brev av 10. mars 2017, som er omtalt lenger framme

FIGUR 11 BESLUTNINGSMODELL KOSTNADSDRIVERE



risikovurdering valt ikkje å etablere eit rammeverk for styring av og kontroll med skatt i sentralbankverksemda.

I attestasjonsrapporten blei Noregs Bank rådd til å styrkje den skattefaglege kompetansen i kontroll- og etterlevingsfunksjonane, basert på ei konkret vurdering av skatterisiko på kvart enkelt verksemdsområde, og å avklare og tydeleggjere kva ansvar for skatt som er tillagt direktøren og leiaren av økonomistyring og rekneskap i sentralbankverksemda. Det blei òg peikt på at det som følgje av overføringa av forvaltinga av delar av valutaresservane frå NBIM til sentralbankverksemda er behov for å etablere eit rammeverk for skatt i sentralbankverksemda.

I rapporten blir det òg konkludert med at Noregs Bank sin praksis når det gjeld openheit om den tilnærminga verksemda har til skatt, står fram som leiande. Hovudstyret blei likevel rådd til å vurdere å presisere og formalisere overordna forventningar til openheit om skatt.

Representantskapet sluttar seg til vurderingane i attestasjonsrapporten frå Deloitte AS og har sendt rapporten til hovudstyret. I svarbrevet sitt har hovudstyret merka seg dei positive påpeikingane i rapporten, og at det er gitt visse konkrete tilrådingar om å vidareutvikle rammeverket for skatt.

Sentralbankverksemda forvalter som omtalt tidlegare renteporteføljen i valutaresservane frå 1. desember 2016. I den samanhengen meiner Noregs Bank at det er naturleg å vurdere på nytt behovet for eit rammeverk for skatt også i sentralbankverksemda, mellom anna kva ansvar for skatt som skal leggjast til leiaren av etterlevingsfunksjonen og til leiaren for økonomistyring og rekneskap i sentralbankverksemda.

Hovudstyret finn det naturleg å behandle dei temaa som blir drøfta i attestasjonsrapporten, ved neste justering av retningslinjene for skatt. Tilrådingane i rapporten om skattefagleg kompetanse i kontroll- og etterlevingsfunksjonane blir òg vurderte i samband med dette. Hovudstyret vil halde representantskapet orientert om oppfølginga.

Representantskapet har teke svaret frå hovudstyret og hovudstyret sine vurderingar til orientering. Utviklinga når det gjeld rammeverket for skatt, vil vere viktig i samband med tilsynet i tida framover.

Deloitte AS har òg utarbeidd eit orienteringsnotat til representantskapet om lukka skattesystem. Notatet kastar lys over utviklinga nasjonalt og internasjonalt og ulike problemstillingar som Noregs Bank kan støyte på i samband med internasjonal kapitalforvaltning.

RISIKOSTYRING OG KONTROLL I EIGEDOMSFORVALTINGA

Endringar i sentralbanklova blei gjorde gjeldande frå 1. januar 2016. Den myndigheita representantskapet tidlegare hadde ved oppretting av dotterselskap i forvaltinga av SPU er teken ut av lova. Tilsynet representantskapet fører med dotterselskap, er ikkje endra i samband med lovendringane. Hovudstyret kan bestemme at verksemd som er ledd i forvaltninga av SPU, skal utøvast av selskap som Noregs Bank heilt eller delvis eig.

Retningslinjene for representantskapet og hovudstyret sine prinsipp for etablering av og tilsyn med selskap som driv med eigedomsforvaltning, er oppdaterte i 2016 med bakgrunn i lovendringa. I retningslinjene blir det ansvaret hovudstyret har for å sikre at representantskapet har reelle og effektive høve til å føre tilsyn, presisert. Dette skal regulast gjennom formelle styrings- og selskapsdokument i kvart enkelt selskap. Vidare er det gjort presiseringar som skal sikre at revisoren til Noregs Bank eller ein annan velrenommert revisor blir vald.

Tilsynssekretariatet følgjer jamleg utviklinga i organisasjonen, nye eigedomstransaksjonar, etableringar av selskap og korleis regelverket blir etterlevd. Formålet er å forstå selskapsstrukturar med ulike risikoar og sikre at dei høva representantskapet har til innsyn og kontroll i dei selskapa som blir oppretta, er gode nok. Utgangspunktet har vore retningslinjene fastsette av representantskapet for tilsyn med dotterselskap. Arbeidet har avdekt eit behov for å endre retningslinjene slik at dei blir betre tilpassa dei ulike selskapsstrukturane NBREM nyttar.

Eigedomsinvesteringane i SPU bestod i 2016 av både børsnoterte og unoterte eigedomsinvesteringar. Noregs Bank eig i større grad 100 prosent av eigedommane og forvaltar somme eigedomsselskap gjennom dotterselskap. Ein slik forvaltingsmodell inneber større ansvar og risiko for Noregs Bank knytt til drift og oppfølging av leietakarar enn ein modell der ein samarbeider med ein partner i eit felleseigd selskap.

Representantskapet held seg orientert gjennom behandling av protokollar frå hovudstyret og drøftingar om prosessar i forvaltinga og enkeltvedtak.

STYRING AV DEN FYSISKE TRYGGLEIKEN VED DEI INTERNASJONALE KONTORA TIL NOREGS BANK

Frå representantskapet sin ståstad er det viktig at det arbeidet Noregs Bank driv med tanke på fysisk tryggleik, er systematisk og medverkar til å førebyggje og avdekke hendingar. Dette gjeld overalt der Noregs Bank har kontor og tilsett personale. Å halde seg innanfor fastsette rammer og rapportere om oppfølginga er viktig med tanke på beredskapen. Omdømmet til banken kan òg bli skadelidande dersom det blir avdekt svakheiter i tryggingssopplegget som kan få skadeverknader for verdiar, liv og helse.

I ein tilsynsgjennomgang er det gjort vurderingar av korleis hovudstyret styrer og følgjer opp det arbeidet Noregs Bank driv når det gjeld tryggleik og beredskap ved dei internasjonale kontora. Gjennomgangen rettar seg mot dei prinsippa hovudstyret har utforma for etablering og for organisering av arbeidet, og korleis hovudstyret følgjer opp dette. Vidare er prosessane for å utarbeide beredskapsplanar gjennomgått. Det er gjort samanlikningar med rettleiar om tryggingssystem gitt ut av Nasjonalt tryggingssystem.

Etter fastsette retningslinjer blir det utarbeidd ein årleg strategisk trusselanalyse av den fysiske tryggleiken i Noregs Bank. Saman med risikorapportering frå verksemdsområda har hovudstyret eit grunnlag for å styre arbeidet med tryggleiken. Nettverket Central Bank Heads of Security er etablert som eit samarbeid mellom sentralbankar på tryggingssida. Nettverket består av 35 sentralbankar frå ulike verdsdelar og BIS. Gjennom dette nett-

verket får Noregs Bank tilgang til informasjon om beste praksis internasjonalt på tryggingssområdet.

I gjennomgangen er det peikt på at råda om tryggingssystemstyring frå NSM er følgde gjennom ein konsistent metode for å kunne vurdere tryggleiken i Noregs Bank. Regelmessige møte med aktiv utveksling av relevant informasjon mellom avdelinga for tryggleik i sentralbankverksemda og tryggingsspersonell i NBIM er svært viktig for å oppnå ei heilskapleg styring av arbeidet med tryggleiken ved kontora.

Representantskapet slutta seg til vurderingane i rapporten, som er send til hovudstyret til orientering.

UTØVING AV EIGARSKAP OG ANSVARLEG FORVALTING

Noregs Bank si rapportering om ansvarleg forvalting er omfattande både i årleg og i kvartalsvis rapportering. Banken er svært open om aktiviteten og avgjerdene. Representantskapet følgjer samspelet med Etikkrådet og dei prosedyrane Noregs Bank har etablert for å følgje opp retningslinjene. Hovudstyret innstiller til Finansdepartementet om oppnemning av medlemmer til Etikkrådet.

Det er ein viktig del av tilsynsarbeidet å følgje med på korleis hovudstyret følgjer opp mandat og utvikling av rapporteringa. Representantskapet er orientert om dialogen mellom Noregs Bank og Finansdepartementet om oppfølging av stortingsmeldingar om Statens pensjonsfond når det gjeld miljøspørsmål og menneskerettar. I eit fagseminar med nestleiarar i Etikkrådet og leiinga i Noregs Bank som innleiarar drøfta representantskapet ny organisering av arbeidet med ansvarleg forvalting. Dette er òg omtalt lenger framme i rapporten.

Representantskapet har merka seg dei nye og utvida oppgåvene til Noregs Bank. Tilsynet på dette området oppfatar hovudstyret sine prosessar for å behandle råd frå Etikkrådet. Hovudstyret sine prinsipp for ansvarleg forvalting blei endra i 2016 og oppfatar òg eigedomsporfølgen og samarbeidspartnarar i den samanhengen. På miljøområdet krev føresegnene i mandatet frå Finansdepartementet at Noregs Bank skal leggje vekt på omsyn til mellom anna energieffektivitet, vassforbruk og avfallshandtering.

Den rolla Noregs Bank har som avgjerdstakar i saker om utestengingar og observasjon basert på råd frå Etikkrådet, blir drøfta. Hovudstyret i Noregs Bank tek avgjerder om observasjon eller utestenging av selskap. Utestengingar kan òg opphevast etter vedtak i hovudstyret etter tilråding frå Etikkrådet. Departementet skal informerast om avgjerdene.

Med verknad frå 1. februar 2016 har Finansdepartementet fastsett eit nytt produktbasert kriterium for kol i retningslinjene for observasjon og utestenging av selskap frå Statens pensjonsfond utland. Innføringa av det nye kriteriet er ei oppfølging av Stortinget si behandling av investeringsringar og bruk av verkemiddel i kolselskap i forvaltinga av SPU. Representantskapet har merka seg endringane, som får verknader for korleis Noregs Bank forvaltar SPU.

Tilrådingane frå Etikkrådet blir offentleggjorde, og det skaper forventningar til at arbeidet blir utført påliteleg og med presisjon. NBIM og Etikkrådet har møte der eigarskapsutøvinga blir knytt opp mot prosessar i rådet. Hovudstyret og Etikkrådet held møte der erfaringane med samarbeidet blir drøfta. Ein prøver å balansere marknadssensitivitet i avgjerdene ved at NBIM tidleg får melding om forhold som ein tilråd skal føre til utestenging.

Gjennom behandling av rapportar og presentasjonar erfarer representantskapet at Noregs Bank følgjer det etablerte rammeverket og tek sjølvstendige avgjerder om uttrekk.

Ekstern forvalting

Mandatet for SPU opnar for at Noregs Bank kan nytte eksterne forvaltarar, men skal ha retningslinjer for når utkontraktering kan skje.⁷⁴ NBIM har plassert ein mindre del av forvaltinga av aksje- og renteporteføljen i SPU hos eksterne forvaltarar, i hovudsak på nye marknader eller i nye marknadsegment. Det er etablert eit omfattande rammeverk for val av eksterne forvaltarar og oppfølging av forvaltinga.

Godtgjerslestrukturen i avtalar med eksterne forvaltarar skal vere utforma slik at han sikrar SPU sine økonomiske interesser, under omsyn til tidshorisonten for dei aktuelle investeringsstrategiane. Det er fastsett føresegner om tak på honorar til eksterne forvaltarar. NBIM følgjer tett opp avkasting og risiko, korleis mandatet blir etterlevd, og honorar.

I tilsynet blir det halde møte med den eininga i NBIM som følgjer opp eksterne forvaltarar. NBIM har etablert eit omfattande rammeverk for val av eksterne forvaltarar. Representantskapet blir orientert på eit overordna nivå om ekstern forvalting gjennom regelmessig rapportering om resultat, særlege risikoforhold og kostnader. Ein merkar seg at utviklinga i honorar til eksterne forvaltarar heng saman med oppnådd avkasting.

⁷⁴ Mandatet for SPU § 1-8, jf. forskrift om risikostyring og internkontroll i Norges Bank § 5



1. Hovedsædet i Kristiania (

a. **Direktører.**

ktionens fast beskikkede Formand, teg
n-chef)

KAPITTEL 6

VURDERING AV OVERORDNA STYRING OG KONTROLL I NOREGS BANK

RAPPORTERINGA FRÅ HOVUDSTYRET OM RISIKOSITUASJONEN OG INTERNKONTROLLEN

Internkontrollforskrifta for Noregs Bank set krav om at hovudstyret skal gjere ei årleg samla vurdering av risikosituasjonen og internkontrollen.⁷⁵ Hovudstyret si vurdering er lagd fram for representantskapet saman med ein årleg rapport om operasjonell risiko og internkontroll for høvesvis sentralbankverksemda, NBIM og NBREM, i tillegg til årsrapport frå internrevisjonen.⁷⁶ Ei evaluering av den fysiske tryggleiken i Noregs Bank er òg lagd ved.

Det har i 2016 ikkje vore identifisert brot som har noko å seie for korleis lover og forskrifter er blitt etterlevde i sentralbankverksemda. I forvaltninga av SPU har det vore nokre mindre brot på forvaltingsmandatet frå Finansdepartementet. Brot og andre uønskte hendingar med kritisk konsekvens er omtalte i rapporteringa, og det blir gjort greie for korleis NBIM handterer dette.

I årsrapporten frå internrevisjonen kjem det fram konklusjonar og vurderingar basert på tolv gjennomførte revisjonsprosjekt og jamleg kontakt med verksemda i 2016. Internrevisjonen har ikkje avdekt vesentleg svikt i internkontrollen, og verksemdsområda rapporterer om si oppfølging av tilrådingar i rapportane til hovudstyret.

Hovudstyret meiner at den operasjonelle risikoeksponeringa i kapitalforvaltninga gjennom året har vore innanfor den definerte risikotoleransen, og at den operasjonelle risikoeksponeringa i sentralbankverksemda er akseptabel. Den samla vurderinga frå hovudstyret er at internkontrollen er gjennomført på ein tilfredsstillande måte. Etter tidlegare oppmoding frå representantskapet har hovudstyret lagt fram ei oversikt over risikoreduserande tiltak som blei gjennomførte i 2016. Det blir peikt på kva tiltak som skal prioriterast i 2017.

Representantskapet meiner at Noregs Bank i 2016 har etablert prosessar som sikrar at krava i risikostyrings- og internkontrollforskrifta blir oppfylte. Prosessane er presenterte gjennom samla rapportering. Hovudstyret er bede om å halde representantskapet vidare orientert om korleis tiltak for å redusere risiko blir gjennomførte.

SAMLA VURDERING FRÅ REPRESENTANTSKAPET

I tråd med sentralbanklova § 5 gir representantskapet ein «(...) uttalelse om hovudstyrets protokoller, tilsynet med banken og saker som det forelegges av hovudstyret». Det skal òg rapporterast om særlege merknader som tilsynet måtte gi grunnlag for.⁷⁷

Alle protokollane frå møte i hovudstyret i 2016 er gjennomgått av representantskapet. Om lag 60 prosent av dei sakene hovudstyret behandla i 2016, er blitt vidaresende til representantskapet til avgjerd eller som ledd i tilsynet med Noregs Bank. Dette er på nivå med tidlegare år. Behandlinga gir eit viktig grunnlag for det tilsynet representantskapet gjennomfører, og gir oversikt over saksomfanget i hovudstyret og vedtak i enkeltsaker. Sentralbanksjefen og visesentralbanksjefane har vore til stades på møta og gitt utdjupande utgreiningar knytte til saker som er behandla i hovudstyret, og til protokollar frå hovudstyret. Det er jamleg gitt vurderingar av risikosituasjonen og gjort greie for planlagde og gjennomførte tiltak.

Representantskapet legg til grunn at verksemda i Noregs Bank samla sett er eksponert for ein nokså stor risiko knytt til marknader, tryggleik og operasjonelle forhold. Fleire saker som gjeld korleis hovudstyret har oppdatert det overordna rammeverket for styring og kontroll, er blitt behandla gjennom året. Merksemda har vore spesielt retta mot korleis lover, mandat og retningslinjer er blitt etterlevde. Under drøftinga blei det særleg stilt spørsmål ved statusen for tiltak og utviklinga i risikobiletet det siste året. Representantskapet har merka seg hovudstyret si vurdering av internkontrollen og risikosituasjonen i Noregs Bank.

⁷⁵ Forskrift om risikostyring og internkontroll i Norges Bank § 8

⁷⁶ Årsrapport frå internrevisjonen blir gitt i samsvar med internkontrollforskrifta § 9.

⁷⁷ Sentralbanklova § 30, fjerde ledd pkt. 6

Representantskapet har fått alle opplysningar frå hovudstyret som det har bede om.

Rapportar frå tilsynssekretariatet og Deloitte AS som handlar om vurderingar av den styringa og kontrollen hovudstyret har utøvd, er blitt behandla. Desse rapportane er omtalte tidlegare i denne rapporten. Det er understreka i drøftingane kor viktig oppfølginga frå hovudstyret er. Det er etablert ein praksis for at hovudstyret ein gong i året rapporterer om statusen i saker som er behandla i representantskapet, der ein har etterspurt oppfølging frå hovudstyret. For representantskapet er det viktig at ein blir halden jamleg orientert og involvert i tilstrekkeleg grad.

Tilsynet med drifta i Noregs Bank og korleis sentralbanken etterlever reglane for verksemda, har ikkje avdekt forhold som gir grunnlag for særskilde merknader etter sentralbanklova. I 2016 er det ikkje protokollført særskilde merknader til protokollane frå hovudstyret.



KAPITTEL 7

ÅRSREKNESKAP, DRIFTSRESULTAT OG BUDSJETT FOR NOREGS BANK

ÅRSRAPPORT OG REKNESKAP FOR 2016

PROSESSAR FOR RAPPORTERING

Hovudstyret skal kvart år utarbeide årsmelding og årsrekneskap. Årsrekneskapen frå Noregs Bank og årsmeldinga frå hovudstyret følgjer reglane i rekneskapslova for store føretak og forskrift om årsregnskap m.m. for Norges Bank. Etter forskrifta skal rekneskapsrapporteringa for Noregs Bank utarbeidast i samsvar med dei internasjonale rekneskapsstandardane IFRS,⁷⁸ og det er fastsett særskilde krav til presentasjon av SPU og dotterselskap. SPU er integrert i årsrekneskapen til Noregs Bank som innskott på kronekonto og med resultat av forvaltninga. Resultat av forvaltninga er vist i rekneskapsnote 20. Det blir dessutan gitt ut ein særskild årsrapport om forvaltninga av SPU som inneheld rekneskapsrapportering.

Representantskapet fastset årsrekneskapen og tek årsmeldinga frå hovudstyret til etterretning. Samtidig blir òg årsrapporten om SPU behandla. Revisjonsmeldingar frå Deloitte AS til årsrekneskapen til Noregs Bank og årsrapporten om SPU blir tekne til etterretning. Årsmeldinga frå styret, den reviderte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og vedtaket i representantskapet om fastsetjing av årsrekneskapen blir sende til Finansdepartementet for å bli lagde fram for Kongen og gjorde kjende for Stortinget.⁷⁹

Noregs Bank utarbeider òg kvartalsrekneskap for SPU. Innhaldet i kvartals- og årsrapportar og krav til offentliggjeriing følgjer av forvaltingsmandatet.⁸⁰ Deloitte AS kjem med fråsegner til representantskapet i samsvar med revisjonsstandard for forenkla revisorkontroll av delårsrapportar. Det har komme tre revisjonsfråsegner utan merknader til kvartalsrapportar for SPU i 2016.

Kvartalsrapportar om forvaltninga av valutaresservane og månadsbalansar som viser resultat frå verksemda til Noregs Bank, blir òg offentliggjorde. Det blir dessutan gitt ut årsrapportar om finansiell infrastruktur, finansiell stabilitet, ansvarleg forvaltning, eigeomsforvaltninga og avkasting og risiko i SPU. Representantskapet vurderer det slik at

Noregs Bank er svært open om verksemda og om dei resultata ein oppnår.

BEHANDLING AV ÅRSREKNESKAPEN FOR 2016

Årsmeldinga til Noregs Bank blei vedteken av hovudstyret 8. februar 2017. Årsmeldinga, årsrekneskap for 2016 og årsrapport om forvaltninga av Statens pensjonsfond utland blei behandla i møte i representantskapet 23. februar 2017. Representantskapet fastsette årsrekneskapen og disposeringa av totalresultatet for 2016 i samsvar med forslag frå hovudstyret.

Årsrekneskapen til Noregs Bank for 2016 viser eit samla underskot på 2 951 millionar kroner (overskot på 66 469 millionar kroner i 2015). Resultatet består i hovudsak av avkasting i internasjonal valuta på aksjar og renteinvesteringar i valutaresservane, som utgjer 18 306 millionar kroner. Styrkt kronekurs gav eit verditap på 20 321 millionar kroner. Samla netto driftskostnader utgjorde 4 664 millionar kroner. Det er utbetalt honorar basert på avkasting til eksterne forvaltarar i SPU med 222 millionar kroner. Avkasting i SPU blir ikkje teken med når ein reknar ut driftsresultatet. Godtgjersla for forvaltninga av SPU, som blir godkjend av Finansdepartementet, blir trekt frå kapitalen i fondet og utgjorde i 2016 3 731 millionar kroner, 5,2 basispunkt av gjennomsnittleg kapital under forvaltning, mot 3 933 millionar kroner (5,7 basispunkt) året før.

Oppfølginga frå representantskapet si side når det gjeld ressursbruken i 2016, blir omtalt seinare i rapporten.


Balansen til Noregs Bank per 31. desember 2016 var på 8 081 milliardar kroner. Balansen er sett saman av verdier i sentralbanken si verksemd og midlar i forvaltninga av Statens pensjonsfond utland. Total balansesum utanom SPU var 574,6 milliardar kroner (542,9 milliardar kroner i 2015). Verdien av kroneinnskottet for SPU i balansen til Noregs Bank var 7 506,7 milliardar kroner ved utgangen av 2016 etter at forvaltingskostnadene i banken var dekte. Det var ingen tilførsel til fondet i 2016, men netto uttak frå staten si side som utgjorde 101 milliardar kroner.

⁷⁸ International Financial Reporting Standards (IFRS), fastsette av EU


⁷⁹ Sentralbanklova § 30

⁸⁰ Mandat for forvaltningen av Statens pensjonsfond utland, kapittel 6: Offentlig rapportering

FIGUR 12 NOREGS BANKS BALANSE



FIGUR 13 EIGENKAPITALMEKANISMEN



Avkastinga var på 447 milliardar kroner. Styrkt kronekurs reduserte marknadsværdien målt i norske kroner med 306 milliardar kroner.⁸¹

Samla verdi i balansen, inklusiv og eksklusiv SPU, er vist på figur 12.

Eigenkapitalen til Noregs Bank per 31. desember 2016 var 224,7 milliardar kroner, ein nedgang på ca. 20,7 milliardar kroner frå 2015. Eigenkapitalen består av 189,4 milliardar kroner i kursreguleringsfondet og 35,5 milliardar kroner i overføringsfondet etter avsetjing for overføring til staten på 17,7 milliardar kroner.

Deloitte AS har komme med to revisjonsmeldingar daterte 8. februar 2017. Revisjonsmeldingane for 2016 følgjer ein ny internasjonal standard. Dei gjer greie for sentrale forhold i internkontrollen som revisoren meiner var vesentlege ved revisjonen av rekneskapsrapporteringa i 2016. Representantskapet har merka seg at årsrekneskapen for Noregs Bank og rekneskapsrapporteringa for investeringsporteføljen i SPU etter revisoren si meining er gitt i samsvar med lov og forskrifter. Ein revisjonsrapport til representantskapet er òg behandla.

Representantskapet meiner at årsmeldinga frå styret og årsrekneskapen frå Noregs Bank har hatt ei positiv utvikling og inneheld god informasjon om verksemda. Ein gjorde dette vedtaket om årsrekneskapen til Noregs Bank for 2016:

- *Representantskapet tar hovudstyrets årsmelding for 2016 til etterretning.*
- *Representantskapet tar revisors beretning til etterretning og fastsetter Norges Banks årsregnskap for 2016.*
- *I tråd med retningslinjene blir totalresultatet på –3 milliarder kroner dekket ved overføring fra kursreguleringsfondet. Fra overføringsfondet overføres en tredjedel – 17,7 milliarder kroner – til statskassen.*

⁸¹ For meir detaljert informasjon, sjå årsmelding og rekneskap for Noregs Bank for 2016 og rapport om forvaltinga av SPU for 2016.

Etter sentralbanklova § 30 gir Kongen retningslinjer for avsetjingar og disponering av årsresultat.⁸² Vedtak om overføring frå Noregs Bank til staten må godkjennast av Stortinget, og overføringa blir gjennomført i første kvartal i det etterfølgjande året. Tilsvarande overføring til statskassa frå overføringsfondet for 2015 var 26,6 milliardar kroner. Sjå figur 13 om mekanismen for disponering av årsresultat, oppbygginga av eigenkapital og overføringa til staten.


Krava i rekneskapslova om utgreiing om samfunnsansvar gjeld for Noregs Bank.⁸³ Det skal vidare gjerast greie for kva Noregs Bank gjer for å integrere omsynet til menneskerettar, arbeidstakarrettar og sosiale forhold, det ytre miljøet og kampen mot korrupsjon. Utgreiinga skal givast i årsmeldinga frå styret eller i anna offentleg tilgjengeleg dokument. Med bakgrunn den interessa samfunnet viser for verksemda, har representantskapet framheva kor viktig det er at hovudstyret har stor merksemd på desse områda. Deloitte AS har i revisjonsmeldinga si stadfesta at utgreiinga om samfunnsansvar i meldinga frå hovudstyret er i samsvar med gjeldande retningslinjer for Noregs Bank. Representantskapet har merka seg omtalen i årsmeldinga frå hovudstyret.

OPPFØLGING AV RESSURSBRUKEN I NOREGS BANK I 2016

Hovudstyret er etter budsjettreglementet ansvarleg for å gjennomføre aktivitetar som gjer at fastsette mål blir nådde innanfor dei økonomiske rammene som blir gitt i budsjettvedtaket. Vidare skal forvaltinga av SPU styrast slik at kostnadene blir haldne innanfor Finansdepartementet si godkjende ramme for godtgjersle. Hovudstyret summerer opp statusen for ressursbruken i Noregs Bank samla sett per første halvår og ved årsslutt. Representantskapet følgjer òg kostnadsutviklinga gjennom året i kvartalsvise verksemdsrapportar frå NBIM og halvårlege frå sentralbankverksemda.

⁸² Retningslinjer vedtekne i statsråd 7. februar 1986, sist endra ved kgl.res. 6. desember 2002. Sjå nærmare omtale i oppstillinga over endringar i eigenkapital i årsrekneskapen til Noregs Bank og i note om rekneskapsprinsipp.

⁸³ Lov om årsregnskap § 3-3 c

FIGUR 14 VEKSTEN I TALET PÅ TILSETTE I NOREGS BANK I PERIODEN 2013–2016

Ved rapportering om status for første halvår merka representantskapet seg ressursbruken og at prognosen for året låg innanfor det godkjende budsjettet. På spørsmål gjorde sentralbanksjefen nærmare greie for kostnadene i NBIM i forhold til kapital under forvaltning og kor stor del av kostnadene som er knytte til eigedomsforvaltinga. Utgreiinga og rapporten blei tekne til etterretning.

Samla driftskostnader for året 2016 var 4,8 milliardar kroner (5,0 milliardar kroner i 2015). Netto driftsresultat der godtgjersle for forvaltinga av SPU er med, men ikkje kostnader knytte til representantskapet, var 895 millionar kroner (902 millionar kroner i 2015). Personalkostnader utgjorde 38 prosent av dei totale driftskostnadene. Netto driftsresultat var lågare enn budsjettert. Det kjem mellom anna av lågare pensjonskostnader, lågare prestasjonsbaserte honorar eksternt og internt, lågare auke i talet på tilsette i NBIM/NBREM og mindre bruk av innleigd arbeidskraft i sentralbankverksemda enn ein såg for seg ved budsjette-ringstidspunktet.

Driftskostnadene for forvaltinga av SPU i 2016 var 961 millionar kroner lågare enn estimert i budsjettet for 2016, og 193 millionar kroner lågare enn kostnadene i 2015. Hovudårsaka til at kostnadene har gått ned, er reduserte avkastingsavhengige honorar til eksterne forvaltarar som følgje av lågare meiravkasting, i tillegg til reduserte depotkostnader som følgje av lågare kapital under forvaltning. Om lag 70 prosent av kostnadene er i utanlandsk valuta. Den isolerte effekten av ei svakare norsk krone ville ha auka budsjettet med 143 millionar kroner samanlikna med det godkjende budsjettet i norske kroner.

Planlagt innkjøp av setlar og myntar som det var budsjettert med i 2016, er utsett, og det har samanheng med utgi-vinga av ny setlekkje som blir sett i gang våren 2017.

Ved utgangen av 2016 var det 915 fast tilsette i Noregs Bank, medrekna leiinga, den sentrale staben og internrevisjonen (848 året før). 339 personar (322) var tilsette i sentralbankverksemda. 568 personar (518) var tilsette i NBIM, medrekna 139 (122) tilsette i NBREM. Av dei sistnemnde var 17 tilsette (18) i dotterselskapa i Luxembourg, Tokyo og London. I tillegg var det fem (seks) tilsette i internrevisjonen og tre (to) i sentralbankleiinga

(sentralbanksjef og visesentralbanksjefar). Dei tilsette i tilsynssekretariatet er ikkje rekna med i desse tala.⁸⁴

Figur 14 viser veksten i talet på tilsette i Noregs Bank i perioden 2013–2016.⁸⁵ Organisasjonen i NBREM blei etablert i 2014.

Representantskapet har teke statusrapporten frå hovudstyret til etterretning. Hovudstyret har styrt ressursbruken i 2016 innanfor det godkjende budsjettet og rapportert i tråd med budsjettreglementet for Noregs Bank. Kostnadene til forvaltinga av SPU er haldne innanfor den ramma som er godkjend av Finansdepartementet.

Tabell 3 viser utviklinga i driftsresultat og investeringar i perioden 2015–2017 (faktisk og budsjettert) samla for Noregs Bank.

Sjå òg figur 15, som viser kostnadsutviklinga i Noregs Bank frå rekneskap i perioden 2013–2016 og prognose i budsjett for 2017, målt i norske kroner.

BEHANDLINGA AV OG VEDTAKET OM BUDSJETTET TIL NOREGS BANK FOR 2017

BUDSJETTREGLEMENT OG PROSESS FOR BUDSJETTBEHANDLING

Hovudstyret skal utarbeide forslag til budsjett for kommande driftsår. Budsjettet blir vedteke av representantskapet og gjort kjent for Finansdepartementet.⁸⁶

Representantskapet har fastsett eit budsjettreglement for Noregs Bank⁸⁷ som gjer greie for overordna retningslinjer og føresetnader for budsjettvedtak. I budsjettreglementet er det eit prinsipp at årleg vedtak omfattar den samla verksemda i Noregs Bank. Hovudstyret har vedteke utfyllande økonomireglement med prinsipp for økonomistyring og budsjettprosess.

⁸⁴ Når det gjeld ressursbruken til representantskapet, viser vi til eigen omtale lenger framme i rapporten.


⁸⁵ Ikkje inkludert sentralbanksjef, visesentralbanksjefar, internrevisjonen og tilsynssekretariatet

⁸⁶ Sentralbanklova § 29

⁸⁷ Vedteke av representantskapet 15. november 2012. Sist endra 5. november 2015

TABELL 3 DRIFTSRESULTATET TIL NOREGS BANK. KOSTNADER KNYTTE TIL REPRESENTANTSKAPET ER IKKJE TEKNE MED

BELØP I HEILE MILLIONAR KRONER	BUDSJETT 2017	REKNESKAP 2016	REKNESKAP 2015	REKNESKAP 2014	REKNESKAP 2013
Driftsinntekter i sentralbankverksemda	128	128	125	128	126
Godtgjøring for forvalting av SPU	4 605	3 731	3 933	3 202	2 889
Sum driftsinntekter	4 733	3 859	4 058	3 330	3 015
Kostnader i sentralbankverksemda	-1 148	-1 080	-903	-856	-904
Kostnader i NBIM	-4 665	-3 863	-4 057	-3 296	-2 980
Sum driftskostnader	-5 813	-4 754	-4 960	-4 152	-3 789
Netto driftsresultat	-1 081	-895	-902	-822	-774
Investeringar i sentralbankverksemda	160	127	178	167	140
Investeringar i NBIM	279	197	165	83	112
Sum investeringar	439	324	343	250	252

FIGUR 15 KOSTNADSUTVIKLING I NOREGS BANK 2013–2017

Ved budsjettbehandlinga ser representantskapet til at det er sett forsvarlege økonomiske rammer for at Noregs Bank skal kunne utføre dei pålagde oppgåvene og drive banken. Budsjettet skal i det vesentlege følgje dei same prinsippa som i gjeldande rekneskapsrammeverk, fastsett i forskrift om årsregnskap m.m. for Norges Bank. På overordna nivå skal kriterium og føresetnader for budsjettering vere konsistente for heile verksemda til banken.

Hovudstyret behandlar budsjettforslag for kvart av verksemdsområda og legg fram eit samla budsjett for representantskapet. Underliggjande informasjon i framlegget skal ha eit omfang og innhald som er tilpassa det budsjettansvaret og den tilsynsrolla representantskapet har. Siktemålet er å gi representantskapet eit heilskapleg bilete av drifta, presentert på same nivå som ekstern rekneskapsrapportering. Forslag til driftsinvesteringar blir presenterte for kvart verksemdsområde, med estimat for enkeltinvesteringar.

Strategiar, mål og handlingsplanar blir vedtekne av hovudstyret, og forventta økonomiske konsekvensar skal leggjast fram for representantskapet. Det skal gjerast greie for hovudtrekka i dei aktivitetane og investeringane som ein har planar om å gjennomføre i budsjettåret og kommande år. Kostnadsutviklinga skal kommenterast i lys av fastsette strategiar og mål og tilgjengelege eksterne samanlikningar. Det skal gjerast greie for dei viktigaste kostnadsdrivarane og risikoforholda. Eit viktig grunnlag for budsjettbehandlinga i representantskapet er at estimat for kostnader byggjer på mål, og at det med stor grad av tryggleik er gjort gode nok økonomiske analysar ved val som har med utviklinga av verksemda å gjere. Krav til slike opplysningar er fastsette i budsjettreglementet.

Finansdepartementet fastset ei årleg øvre ramme for godtgjersle av forvaltingskostnadene ved å forvalte SPU. Departementet sitt vedtak skal som hovudregel liggje føre ved tidspunktet for budsjettvedtak i Noregs Bank. Banken tek ingen økonomisk risiko i samband med kostnader som gjeld forvaltinga av SPU innanfor ramma.

Kapitalinntekter frå investeringar i forvaltninga blir ikkje tekne med i budsjettet. Årsaka er mellom anna nokså stor uvisse når det gjeld utviklinga i valutakursar og investeringsmarknadene. For Noregs Bank er det ingen finansiell

risiko knytt til resultatet av forvaltinga av SPU, då dette heilt ut blir regulert mot innskotskontoen til fondet.

Forvaltingskostnader i dotterselskap knytte til eigedomsinvesteringar i SPU blir omfatta av budsjettvedtaket i representantskapet.

BUDSJETTVEDTAK FOR 2017

Budsjettet for drift og investeringar i Noregs Bank i 2017 er utarbeidd og lagt fram av hovudstyret, og det blei vedteke på møte i representantskapet 20. desember 2016. Ved første gongs framlegging blei det reist spørsmål ved om framlegget inneheldt fullstendige opplysningar i samsvar med krav i budsjettreglementet.

Hovudstyret har etablert treårige strategiperiodar for Noregs Bank, og ein ny periode gjeld for åra 2017–2019. Fastsett strategi for sentralbankverksemda følgde budsjettframlegget, og også sentrale element frå strategiarbeidet elles var omtalte. Det blei etterlyst andre fastsette strategiar for verksemda. Med dette som utgangspunkt blei det peikt på at alle dei formelle føresetnadene for å vedta budsjettet i ordinært møte 8. desember ikkje var til stades. Hovudstyret blei bede om å leggje fram meir omfattande analysar.

Til nytt møte 20. desember fekk representantskapet som grunnlag for si behandling av budsjettet eit brev frå hovudstyret datert 7. desember 2016: «Budsjettforslag 2017 for Norges Bank – tilleggskdokument». I dokumentet var det lagt ved eit overordna strategidokument for Noregs Bank merkt «utkast». Det går fram av protokoll frå hovudstyremøte 7. desember 2016 at hovudstyret vedtok strategidokument for Noregs Bank for perioden 2017–2019, og at sentralbanksjefen fekk fullmakt til å ferdigstille dokumentet. Denne protokollen blei lagd fram for representantskapet i møte 23. februar 2017.

Representantskapet hadde grundige drøftingar i behandlinga av budsjettet. Det blei peikt på at det ikkje fanst ein fastsett strategi for NBIM. Hovudstyret si endelege fastsetjing av strategi for forvaltinga av SPU er utsett til første kvartal i 2017, mellom anna fordi ein ventar på endringar i mandatet frå Finansdepartementet, gjeldande frå 1. januar. I budsjettframlegget var det gjort greie for handlingsplanar med større budsjettmessige konsekvensar. Tilleggsdoku-

FIGUR 16 VEDTEKE BUDSJETT FOR NOREGS BANK FOR 2017

I samsvar med sentralbankloven og budsjettreglementet for Norges Bank har representantskapet behandlet hovedstyrets forslag til budsjett for Norges Bank for 2017.

Det blir vist til tidligere behandling i representantskapet av budsjettmessige forhold og til innstilling fra Stortingets finanskomité om forvaltningen av Statens pensjonsfond i 2015 (Innst. 326 S (2015–2016)).

Representantskapet har følgende merknader til budsjettframlegget og forventer at hovedstyret følger opp disse innen 15. mai 2017:

1. Representantskapet ber hovedstyret om å legge fram fastsatte strategier og mål for perioden 2017–2019 samt kost-/nyttevurderinger for strategiske valg, samlet for Norges Bank og for virksomhetsområdene.
2. Representantskapet ber hovedstyret om å legge fram relevante kostnadssammenligninger og analyser av Norges Banks virksomhet.

Med henvisning til merknadene ovenfor og brev fra Finansdepartementet datert 7. desember 2016 om godtgjøring for forvaltningen av SPU, vedtar representantskapet følgende budsjett for Norges Bank i 2017 (i millioner kroner):

Forvaltningsgodtgjørelse SPU	4 605
Andre driftsinntekter	128
Sum driftsinntekter i Norges Bank	4 733
Personalkostnader sentralbankvirksomheten	- 522
Øvrige driftskostnader sentralbankvirksomheten	- 626
Personalkostnader kapitalforvaltningen	-1 397
Øvrige driftskostnader kapitalforvaltningen	-3 268
Sum driftskostnader i Norges Bank	-5 813
Netto driftsresultat i Norges Bank	-1 081
Investeringer i sentralbankvirksomheten	160
Investeringer i kapitalforvaltningen	279
Samlede investeringer i Norges Bank	439

Investeringsbudsjettet består av nye investeringer på 186 millioner kroner i sentralbank-virksomheten og 105 millioner kroner i kapitalforvaltningen. Tidligere vedtatte og pågående investeringer utgjør 27 millioner kroner i sentralbank-virksomheten og 174 millioner kroner i kapitalforvaltningen. Av den samlede investeringsrammen er det i 2017 forventet å benytte 160 millioner kroner i sentralbankvirksomheten og 279 millioner kroner i NBIM.

Representantskapet godkjenner 90 millioner kroner som en budsjettramme for driftskostnader i operative selskaper innenfor eiendomsforvaltningen i SPU.

Representantskapet har fastsatt budsjett for tilsyns- og revisjonskostnader i eget vedtak 8. desember 2016.

Norges Banks samlede budsjett meddeles Finansdepartementet i samsvar med sentralbanklovens § 29.

mentet frå hovudstyret inneheldt informasjon om vesentlege strategiske val og satsingar med budsjettmessige konsekvensar og ein del kostnadssamanlikningar.

Representantskapet har drøfta prinsipielle spørsmål knytte til budsjett for Noregs Bank i samband med tre tilsynsgjennomgangar. Ein viser til omtalar i rapport til Stortinget for 2015⁸⁸ om overordna verksemdsstyring og om overordna oppfølging av avkasting og risiko i forvaltinga av SPU. Tidlegare i denne rapporten er det skrive om tilsyn med styring av kostnadsutviklinga i forvaltinga av SPU. Som oppfølging av rapportane blei hovudstyret oppmoda om å konkretisere den strategiske retninga for verksemdsovergripande forhold og vurdere å fastsetje tydelege mål for forvaltinga av SPU.

Finanskomiteen i Stortinget har i si innstilling⁸⁹ etter behandlinga av forvaltinga av Statens pensjonsfond i 2015 komme med ein merknad knytt til kostnader: «Komiteen viser til at fondets forvaltningskostnader målt i kroner har økt over tid og at de målt i kroner er betydelige. Det er derfor viktig med løpende vurderinger av hvordan forvaltningen kan gjøres mer kostnadseffektiv, og komiteen har en klar forventning om at stordriftsfordeler som følge av fondets stadig økte verdi og virksomhet vil kunne utnyttes.»

Komiteen gir i si innstilling ei tilråding til Stortinget om å gjere dette vedtaket:⁹⁰ «Stortinget ber om at neste års gjennomgang også vurderer resultatene fra, og kost/nytteverdiene av de ulike investeringsstrategiene, både på kort og lang sikt, og fremme eventuelle endringer i lys av disse vurderingene i forbindelse med fondsmeldingen for 2017.»

Under budsjettbehandlinga la representantskapet vekt på merknadene i innstillinga og vedtaket i Stortinget.

Budsjettet til Noregs Bank for 2017 blei vedteke av representantskapet 20. desember med to merknader. Sjå budsjettvedtaket for 2017, som i sin heilskap er gitt att på figur 16.

I budsjettet for Noregs Bank for 2017 er det budsjettert med eit samla driftsunderskot på 1 081 millionar kroner. Driftskostnadene er kalkulerte til 5 813 millionar kroner. Av dette utgjer 4 605 millionar kroner kostnader til forvalting av SPU.

Finansdepartementet har fastsett ei maksimal ramme for dekning av forvaltningskostnader for 2017 på 7,5 basispunkt av den gjennomsnittlege marknadsverdien av fondet.⁹¹ Dette er lågare enn forslaget frå Noregs Bank om åtte basispunkt, som gjaldt for 2016, og det kan tilseie ei forventning om kostnadsreduksjon. Departementet viste i brevet sitt òg til den nemnde innstillinga frå finanskomiteen. Ramma inkluderer kostnader i dotterselskap, budsjettert med 90 millionar kroner til forvalting av eigedomsinvesteringane. Avkastingsavhengige honorar til eksterne forvaltarar blir òg dekte.

Til saman er det budsjettert med 943 årsverk (fast tilsette) i Noregs Bank ved utgangen av 2017, av dette 339 i SBV og 597 i NBIM. 122 av dei sistnemnde er tilsette i NBREM og dotterselskap. I tillegg er det sju årsverk i internrevisjonen.

Representantskapet har, som det tidlegare er gjort greie for, godkjent budsjett for 2017 for representantskapet, tilsynssekretariatet og ekstern revisor. Totalt utgjer dette 40,6 millionar kroner. Tilsynssekretariatet har åtte årsverk.

Brev om budsjettvedtaket er send til Finansdepartementet, datert 20. desember 2016.

⁸⁸ Dokument 9 (2015–2016)

⁸⁹ Innst. 326 S (2015–2016), kapittel 2.2

⁹⁰ Sak nr. 1, 3. juni 2016, Stortingsvedtak 761 (2015–2016)

⁹¹ Brev frå Finansdepartementet til Noregs Bank datert 9. desember 2015

KAPITTEL 8

PRIORITERINGAR I DET VIDARE TILSYNSARBEIDET

Offentlege rapportar etter lov og mandat, rapportar for interne styringsformål og offentleggjort informasjon om korleis Noregs Bank har gjennomført oppgåver, har auka i tal og omfang dei seinare åra. Representantskapet behandlar rapportane frå banken som ledd i tilsynet og meiner at openheit om verksemda er avgjerande for at Noregs Bank skal kunne operere med nødvendig sjølvstende og legitimitet etter styringssystemet i Noreg.

Ein sterk og uavhengig sentralbank er ein nødvendig føresetnad for ein balansert økonomisk politikk. Forvaltinga av Statens pensjonsfond utland er blitt ein sentral del av den økonomiske politikken. Ved å plassere ansvaret for forvaltinga hos Noregs Bank har styresmaktene sikra at dei langsiktige måla for petroleumsformuen blir nådde, uavhengig av dei meir kortsiktige og situasjonsbestemte budsjettomsyna til staten. I tillegg har ein sikra at det er teke nødvendige tryggingss- og beredskapsomsyn.

Over tid er det rapportert til representantskapet frå fleire tilsynsgjennomgangar og attestasjonsoppdrag om korleis hovudstyret styrer og kontrollerer verksemda i Noregs Bank, medrekna forvaltinga av SPU. Rapportane blir sende til hovudstyret, som i brev til representantskapet gir svar på korleis konklusjonar og tilrådingar er følgde opp. Det er ein viktig del av tilsynsverksemda å undersøke om tidlegare tilrådingar er blitt følgde opp. Dette kjem til å ha høg prioritet i 2017.

Strategi og handlingsplanar for representantskapet og tilsynssekretariatet er fastsette for perioden 2016–2018. Integritet, målretting og effektivitet i tilsynsarbeidet er prioritert. For tilsynssekretariatet er det viktig at ein stadig utviklar kompetanse, tilsynsmetodikk og rapportering. Tilsynet er risikobasert og retta mot styring av og kontroll med verksemda.

I tilsynsarbeidet til representantskapet blir det lagt vekt på kontinuerleg utvikling for å møte oppgåvene knytte til ei omfattande og samansett verksemd i Noregs Bank. Ikkje minst gjeld dette krav og forventningar om at det skal vere eit uavhengig, ope og kompetent tilsyn med forvaltinga av SPU. Representantskapet har kontinuerleg merksemd retta mot endringar i rammevilkår for Noregs Bank og forvaltinga av SPU. Utvikling og risikoar i forvaltinga med endringar i samansetjinga av aktivaklassar, redusert

tilførsel av kapital og varierende uttak, blir nøye følgde. Risikobasert tilsyn inneber at representantskapet og tilsynssekretariatet har kompetanse og kapasitet når det gjeld alle operasjonelle risikoar og marknadsrisikoar i verksemda, og dette blir prioritert i 2017.

Tilsynssekretariatet vil jamleg gjennomføre tilsyn og tilsynsgjennomgangar etter ein godkjend tilsynsplan. I tilsynsarbeidet legg ein vekt på endringar i risikobiletet for organisasjonen til Noregs Bank og banken sine oppgåver. Kontrollen skal omfatte tema av prinsipiell karakter for representantskapet sitt tilsyn med drifta og korleis lover og reglar er etterlevde. Tema for særleg oppfølging i 2017 er hovudstyret si evaluering av om måla for strategiperioden 2014–2016 er nådde, og implementeringa av strategien for 2017–2019 i handlingsplanar og budsjett. Ein følgjer med på utviklinga av ein ny setelse, der dei første valørane blir lanserte i 2017. Korleis ein skal handtere auka risiko for cyberangrep mot IT-system og infrastruktur, i tillegg til ein høg fysisk tryggingssrisiko, har stor merksemd. Korleis kontraktar med leverandørar av IT-tenester blir utforma, og korleis Noregs Bank følgjer opp ansvaret sitt i denne samanhengen, er viktig for tilsynet.

Tilsynsgjennomgangar vil omfatte vurderingar av korleis hovudstyret styrer og kontrollerer strategiane og forvaltingsmodellen for SPU, alvorlege truslar og kriser ved forvaltinga av SPU og marknadsreguleringar i land Noregs Bank investerer i. Den kontrollen hovudstyret fører med dotterselskap og felleskontrollert verksemd (Joint Ventures) i eigedomsforvaltinga, blir gjennomgått. Nødvendige justeringar av retningslinjene for representantskapet når det gjeld tilsyn med dotterselskapa til Noregs Bank blir vurderte på bakgrunn av endringar i sentralbanklova og i forvaltinga av unotert eigedom. Korleis Noregs Bank styrer valutaresservane, medrekna hovudstyret sine prinsipp for forvalting og organisering av oppgåvene, kjem òg til å bli gjennomgått.

Representantskapet legg stor vekt på å følgje arbeidet til sentralbanklovutvalet. Det er brei semje i representantskapet om at det er viktig å medverke aktivt i utviklinga av rammeverket for Noregs Bank og i oppgåva med å forvalte Statens pensjonsfond utland.

VEDLEGG 1

REPRESENTANTSKAPET I NOREGS BANK 2016–2017

REPRESENTANTSKAPET

Medlemmer	Oppnemnd første gong	Gjeldande funksjonstid
Reidar Sandal, leiar	2010	2014–2017
Tormod Andreassen, nestleiar	2008	2016–2019
Vidar Bjørnstad	2012	2016–2019
Ingrid Fiskaa	2016	2016–2019
Helle Hammer	2016	2016–2019
Toril Hovdenak	2014	2014–2017
Kjetil Lund	2016	2016–2019
Morten Lund	2010	2016–2019
Peter Meidell	2014	2014–2017
Iver Nordseth	2014	2014–2017
Frank Sve	2006	2014–2017
Synnøve J. Søndergaard	2010	2014–2017
Ingebrigt S. Sørffonn	2012	2016–2019
Paul Birger Torgnes	2014	2014–2017
Randi Øverland	2012	2016–2019
Varamedlemmer		
Lars Bjarne Tvete	2014	2016–2019
Jonas Varhaug	2016	2016–2019

Den faste komité

Reidar Sandal, leiar

Tormod Andreassen, nestleiar

Toril Hovdenak

Frank Sve

Synnøve Søndergaard

Varamedlemmer

Ingrid Fiskaa

Ingebrigt S. Sørffonn

Paul Birger Torgnes

Peter Meidell

Vidar Bjørnstad

MEDLEMMER I REPRESENTANTSKAPET

**Reidar Sandal**


Konstituerert dagleg leiar i Sogn og Fjordane Næringsråd, rådgivar og styreleiar. Tidlegare erfaring m.a. som statsråd i Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet, stortingsrepresentant og leiar av Stortingets finanskomite, fylkestingsrepresentant, lektor, fylkesdirektør i Sogn og Fjordane fylkeskommune, rådgivar i Botnaneset Industriselskap AS, dagleg leiar i Sunnfjord Næringsråd, leiar i hovudstyret i Innovasjon Noreg. Styreleiar i Fjord1 AS, Nynorsk kultursentrum og Sunnfjord Næringsutvikling AS. Styremedlem i Investinor AS. Cand.philol. frå Universitetet i Bergen.

**Tormod Andreassen**


Styremedlem i Lærdal Finans AS, Liberalt Forskningsinstitutt Lifo og Sparebank1 Nord-Norges Pensjonskasse. Tidlegare erfaring m.a. som viseadministrerende direktør og sjeføkonom i Kreditkassen, investeringsdirektør og sjeføkonom i Sparebank1Gruppen, administrerende direktør i Alfred Berg Norge AS og SR-fonds, styreleiar i Berg Fondsforvaltning, byråsjef i Statistisk Sentralbyrå og styremedlem i Forretningsbankenes Sikringsfond og FNHs bransjestyre for livsforsikring og kapitalforvaltning. Cand.oecon. frå Universitetet i Oslo.

**Vidar Bjørnstad**

Avdelingsleiar internasjonal avdeling i Landsorganisasjonen i Norge. Tidlegare erfaring m.a. som stortingsrepresentant og medlem av Stortingets sosialkomité, justiskomité, kyrkje-, utdannings- og forskingskomité og utanrikskomité. Politisk rådgivar i departementet for utviklingshjelp, fylkesaksjonsleiar i Amnesty International, medlem av Europabevegelsens sentralstyre og personleg sekretær for LO-leiaren. Cand.mag. frå Universitetet i Oslo.

**Ingrid Fiskaa**

Lektor ved Sandnes videregående skole. Tidlegare erfaring m.a. som statssekretær i Utanriksdepartementet, medlem av High Level Panel on Illicit Financial Flows from Africa, styremedlem i Attac Norge, leiar for Sosialistisk Ungdom. Master i historie frå Universitetet i Oslo.

**Helle Hammer**


Administrerende direktør i Cefor og medlem i Det Norske Veritas Council. Styremedlem i Maritimt Forum. Tidlegare erfaring m.a. som statssekretær i Nærings- og handelsdepartementet og i Finansdepartementet, byrådssekretær i Oslo, norsk viseguvernør i Den europeiske bank for gjenoppbygging og utvikling, direktør ved Innovasjon Noreg sitt kontor i Houston USA og direktør i Norges Rederiforbund. Handelsøkonom frå Handelsakademiet i Oslo.

**Toril Hovdenak**

Dagleg leiar i Bussbygg AS. Styremedlem i Gjensidige Nordmøre og Romsdal. Tidlegare erfaring m.a. som varaordfører, styreleiar i Molde kommunale pensjonskasse og nestleiar i styret i Helse Midt-Norge. Styremedlem i Høgskolen i Molde, Sparebanken Møre og Istad AS. Siviløkonom frå Handelshøgskolen i Bodø.

**Kjetil Lund**

Direktør myndigheitskontakt i Statkraft. Tidlegare erfaring m.a. frå forskingsavdelinga i Statistisk Sentralbyrå, som statssekretær i Finansdepartementet, leiar for sekretariatet til FN's spesialutsending for klima, rådgivar ved Statsministerens kontor og i Finansdepartementet og styremedlem i Agenda. Cand.polit. i sosialøkonomi frå Universitetet i Bergen.

**Morten Lund**

Pensjonist. Tidlegare erfaring m.a. som sjølvstendig næringsdrivande og gardbrukar, forskar ved Norges landbrukshøgskole og Statens Arbeidstilsyn. Stortingsrepresentant og leiar av næringskomiteen, varamedlem til Riksrevisorkollegiet. Ordførar. Leiar for Regionrådet Fosen og Rådet for Sør-Trøndelag Kraftselskap. Cand.agric. og dr.scient. frå Norges landbrukshøgskole og Norges Teknisk Høgskole.

**Peter Meidell**

Arbeidande styreleiar i P. Meidell AS. Siviløkonom frå BI og MBA frå University of Wisconsin, Madison, USA. Master i rettsvitenskap frå Universitetet i Oslo.

**Iver Nordseth**

Fylkespolitikar. Medlem av Møre og Romsdal fylkesting, fylkesutvalsmedlem og samferdselsutvalsmedlem. Styremedlem av Landssammenslutninga av norske vindkraftkommuner. Tidlegare erfaring m.a. som ordførar i Smøla, styreleiar i Nordmøre Næringsråd og styremedlem i Nordmøre Energiverk. Lærar. Cand.mag. frå Universitetet i Bergen og i Trondheim.

**Frank Sve**

Medlem av Møre og Romsdal fylkesting, fylkesutvalsmedlem, samferdselsutvalsmedlem, formannskapsmedlem i Stranda og medlem i Vestlandsrådet. Styreleiar i Åknes/Tafjord Beredskap IKS.

Tidlegare erfaring m.a. som ordførar, driftsleiar i Møremøbler / Stokke produksjon. Styremedlem i St. Olavs Hospital HF, Norsk Maritime Kompetansesenter og Innovasjon Noreg Møre og Romsdal. Yrkesfagleg utdanning.

**Synnøve J. Søndergaard**

Distriktssekretær ved LOs distriktskontor i Troms, leiar av NRK distriktsprogramråd og medlem av fylkestinget i Troms.


Tidlegare erfaring m.a. som styremedlem i Innovasjon Noreg Troms, nestleiar i Inko Industri- og Kompetansesenter AS, førstekonsulent i Forsvarsbygg, ass.controller i Det Norske Veritas Rotterdam. Fylkesråd i Troms. IKT-utdanning frå Høgskolen i Østfold.

**Ingebrigt S. Sørffonn**

Sjølvestendig næringsdrivande. Styreleiar i Egill Danielsen Stiftelse og åtte Danielsen-skular. Tidlegare erfaring m.a. som stortingsrepresentant og medlem av Stortingets finanskomite, næringskomité og den utvida utanrikskomiteen. Ordførar. Leiar i ulike stillingar i Sunnhordland Kraftlag AS. Styreleiar i Indremisjonsforbundet. Master of Management frå Handelshøgskolen BI.

**Paul Birger Torgnes**


Administrerende direktør i Fjord Marin Holding AS, ordførar i Sjømat Norge, nestleiar i styret i NCE-Aquaculture, visepresident i Federation of European Aquaculture Producers, formannskapsmedlem i Brønnøy og styreleiar i fleire aksjeselskap. Tidlegare erfaring m.a. som ordførar/varaordførar i Brønnøy. Konsernsjef i Fjord Seafood ASA og NorAqua AS. Styreleiar i Torghatten ASA. Politisk rådgivar for fiskeriministeren og generalsekretær i Norske Fiskeoppdretteres Forening. Økonomiutdanning frå Universitetet i Nordland og Norges fiskerihøgskole.

**Randi Øverland**

Seniorrådgivar ved Universitetet i Agder. Medlem av fylkestinget i Vest-Agder. Styremedlem m.a. i Agder kollektivtrafikk, Lister Kompetanse, Agder Yrkesopplæringsnemnd, Sørlandsrådet og NSC Marine Resources Group.

Tidlegare erfaring m.a. som statssekretær i Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet og i Kultur- og kyrkjedepartementet, styreleiar i Agder høgskolestyre, styremedlem i Norsk Filminstitutt, medlem av Kristiansand bystyre og formannskap. Rektor. Adjunkt frå Høgskolen i Telemark og grunnfag i statsvitenskap frå Universitetet i Oslo.

VARAMEDLEMMER I REPRESENTANTSKAPET



Lars Bjarne Tvete


Styreleiar og eigar av LBT Holding AS. Styremedlem i Thomas Angells Stiftelser. Tidlegare erfaring m.a. som medlem av Trondheim Bystyre og Sør-Trøndelag fylkesting. Styreleiar i Trondheim kommunale pensjonskasse og styremedlem i BN Kreditt ASA, administrerande direktør i Basale Eiendomsforvaltning AS og i Nordenfjeldske Eiendomsutvikling AS og assisterande direktør i Den Nordenfjeldske Bykredittforening. Bedriftsøkonom frå Trondheim Økonomiske Høgskole.



Jonas Varhaug

Dagleg leiar i Jærøk DA. Tidlegare erfaring m.a. som gardbrukar og kommunekasserar. Statsautorisert revisor frå Norges Handelshøyskole.

DIREKTØR I REPRESENTANTSKAPETS TILSYNSSEKRETARIAT I 2016



Svenn Erik Forsstrøm

Tidlegare erfaring som sentralbankrevisor i Noregs Bank og partner i revisjonsselskapet Coopr & Lybrand. Siviløkonom og statsautorisert revisor frå Norges Handelshøyskole.

DIREKTØR I REPRESENTANTSKAPETS TILSYNSSEKRETARIAT FRÅ 1. FEBRUAR 2017



Jan Frode Jakobsen

Tidlegare erfaring m.a. som administrerande direktør for Helseforetakenes Pensjonskasse, direktør for Bystyrets sekretariat i Oslo kommune, økonomisk rådgivar og sekretariatsleiar for Arbeiderpartiet i Stortinget, komitésekretær for Stortingets finanskomité, rådgivar i Finansdepartementet og inspektør i Finanstilsynet. Siviløkonom frå Norges Handelshøyskole og Master of Science frå London School of Economics.

VEDLEGG 2

ORDLISTE

AP-fonderna	Allmenne svenske pensjonsfond. Forvaltar kapital i det statlege allmenne pensjonssystemet i Sverige.
CEM Benchmarking	Customer Experience Management. Globalt selskap som mellom anna leverer uavhengige marknadsanalysar innanfor investeringsverksemd og pensjonsfondsforvalting.
BIS	The Bank for International Settlements. BIS har 60 sentralbankar som medlemmer. Oppgåva til BIS er å støtte sentralbankar i arbeidet med monetær og finansiell stabilitet for å fremje internasjonalt samarbeid i desse områda og for å fungere som ein bank for sentralbankar.
COSO ERM	– COSO The Committee of Sponsoring Organizations of the Treadway Commission – ERM Enterprise Risk Management – heilskapleg risikostyring – Komiteen har gitt ut «Helhetlig risikostyring – et integrert rammeverk» (utgitt første gong i september 2004), som blir referert til som «COSO ERM»
Etterleving	Etterleving vert nytta som eit faguttrykk i kort form: Etterleving av formelt sette lovar, forskrifter og mandatar for verksemda. Engelsk «Compliance»
GPIF	Government Pension Investment Fund, Japan. Uavhengig administrativ funksjon som rapporterer til statsråden for helse, arbeid og velferd. Gjennomfører investeringar for det offentlege pensjonssystemet i Japan.
GRC	Governance, Risk, Compliance. Ein funksjon som varetek styring, risiko og etterleving.
IFRS	International Financial Reporting Standards (IFRS). Internasjonale rekneskapsstandardar utgitt av standardorganet IASB International Accounting Standards Board. IFRS-forordninga er vedteken av EU, og alle børsnoterte føretak har krav om å rapportere etter IFRS i konsernrekneskapen.
IIA	The Institute of Internal Auditors IIA har gitt ut fleire standardar for intern revisjon og compliance – Etiske reglar og standardar for profesjonell utøving av internrevisjon – International Professional Practices Framework (internasjonalt rammeverk for gjennomføring av internrevisjon) – Rettleiar for compliance-funksjonen

IMF	International Monetary Fund Det internasjonale valutafondet (pengefondet) blei etablert i 1945. Ein organisasjon med 188 medlemsland som m.a. jobbar for å fremje internasjonalt valutasamarbeid og yte finansiell bistand til fattige land.
ISAE	International Standard on Assurance Engagement. Internasjonale standardar for gjennomføring og rapportering av ekstern revisjon
NBIM	Norges Bank Investment Management Noregs Bank si avdeling for kapitalforvalting
NBO	Noregs Bank sitt oppgjerssystem Avrekningssystem for transaksjonar i det norske betalingssystemet
NBREM	Norges Bank Real Estate Management Avdeling i Noregs Bank / NBIM for forvalting av unoterte eigedomsinvesteringar i SPU
NSM	Nasjonalt tryggingsorgan
OECD	The Organisation for Economic Co-operation and Development Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling
REIB	Real Estate Investment Board Rådgivande komité for avgjerder om investeringar i unoterte selskap i eigedomsforvaltinga i SPU
SBV	Sentralbankverksemda i Noregs Bank
SPU	Statens pensjonsfond utland. Del av statens pensjonsfond som Noregs Bank forvaltar.
TS	Tilsynssekretariatet. Sekretariatet til representantskapet

Representantskapet i Noregs Bank
Rapport for 2016

Utgjeve av:

Representantskapet i Noregs Bank
Bankplassen 2
Postboks 1179 Sentrum
0107 Oslo
Telefon 22 31 60 00
<http://www.norges-bank.no/Representantskapet>

Publisert:

5. april 2017

Nynorsk omsetjing:

Språkverkstaden

Layout og trykk:

07 Media AS

Foto:

Monica Kvaale (s. 50)
Sturlason (s. 66–69)

ISBN 978-82-7553-964-7 (trykt)

ISBN 978-82-7553-965-4 (online)

